

Forvaltningsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2010 – 2014

Oppdragsgjevarar:



Hjartdal kommune



Seljord kommune



Tinn kommune



Vinje kommune



Føreord

Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde med dyrelivfredning vart oppretta ved Kgl.res. av 15.12.2000. Vedtaket gjeld eit område på 381,9 km² i kommunane Hjartdal, Seljord, Vinje og Tinn i Telemark.

Føremålet med vernet er å taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde, biologisk mangfald med eiga villreinstamme, rikt plante- og dyreliv, samt verdifullt kulturlandskap og kulturminne.

Hjartdal, Seljord, Vinje og Tinn kommunar overtok forvaltningsmynde i landskapsvernområdet frå 01.10.2004 som eit område med forsøk i lokal forvaltning. Den einskilde kommunen forvaltar sine område. Det at områda blir forvalta av den einskilde kommunen, krev ein brei prosess i høve utarbeiding av forvaltningsplanen. Målet er at like område skal få lik forvaltning i alle kommunane.

I samband med utarbeidinga av forvaltningsplan for Brattefjell-Vindeggen blei det sett i gang eit prosjekt med namn; ”Forvaltningsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde”. Prosjektet har vore leia av ei styringsgruppe samansett av ordførarane, sakshandsamarane og ein grunneigarrepresentant frå kvar kommune. Ordførar i Hjartdal Olav Tho vart vald som leiar av styringsgruppa. Faun Naturforvaltning AS har hatt sekretariatet for prosjektet. Målet med prosjektet har vore utarbeiding av ein felles forvaltningsplan i tråd med verneforskriftene. Formålet med forvaltningsplanen er å få til eit fornuftig samspel mellom bruk og vern i Brattefjell- Vindeggen Landskapsvernområde. Utarbeidinga av foreliggende forvaltningsplan er finansiert gjennom skjønsmidlar frå Fylkesmannen i Telemark etter vedtak i Vest-Telemark rådet, samt DN i slutfasen.

DN har overordna ansvar for alle verneområde i Noreg og er også godkjenningmyndigheit for forvaltningsplanen. DN har hatt styringsgruppa sitt framlegg til forvaltningsplan til fagleg gjennomgang før offentleg høyring som blei gjennomført i perioden 26.02.2008 – 02.05.2008. Framlegget er nå endra med bakgrunn i DN sine merknader, samt merknader som har komme fram i høyringa. Etter gjennomført høyringsrunde er det DN som endeleg skal godkjenne forvaltningsplanen.

Hjartdal, april 2009/januar 2010

Olav Tho, (sign.)
leiar av Samarbeidutvalet BV

Tittel:	Forvaltningsplan for Brattefjell – Vindeggen landskapsvernområde 2010 – 2014
Tilgjenge:	Fri
Sekretariat:	Faun Naturforvaltning AS – www.fnat.no
Oppdragsgjevarar:	Hjartdal-, Seljord-, Tinn- og Vinje kommunar
Prosjektstart:	01.12.2004
Prosjektslutt:	06.01.2010
Referat:	<p>Ved Kgl. Res. 15.12.2000 blei "Brattefjell Vindeggen landskapsvernområde" i kommunane Hjartdal, Seljord, Vinje og Tinn oppretta. Desse kommunane fekk delegert forvaltningsmynde f.o.m. 01.10.2004.</p> <p>Forvaltningsstyresmakta har ansvar for forvaltninga av vernereglar fastsatt i verneforskrifta.</p> <p>Forvaltningas skjønn må alltid ligge innanfor den rettslege ramma som verneforskrifta trekker opp.</p> <p>I medhald av verneforskrifta for Brattefjell Vindeggen landskapsvernområde kap. 5 er det utarbeidd ein forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v. Denne forvaltningsplanen gjeld for perioden 2010-2014.</p> <p>Fagleg godkjenning av forvaltningsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde - gitt av Direktoratet for naturforvaltning i brev datert 05.10.2010.</p>
Emneord:	Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde, forvaltningsplan
Key words:	Brattefjell-Vindeggen, Protection area, Nature management plan
Samandrag:	Norsk
Dato:	01.11.2010
Tal sider:	40 + Vedlegg
Framsidedfoto:	Svein Vetle Trae. Reinskalv i Brattefjell-Vindeggen ©

Innhald

1	Innleiing	6
2	Metode.....	8
2.1	Organisering av prosjektarbeidet.....	8
2.1.1	Styringsgruppa	8
2.1.2	Sekretariat og prosjektarbeid	8
2.1.3	Innsamling av grunnlagsmateriale	8
2.1.4	Økonomi	8
3	Områdeskildring.....	9
3.1	Lokalisering-eigarforhold.....	9
3.2	Omtale av området.....	9
3.2.1	Geografiske data	9
3.2.2	Naturfagleg skildring	9
3.2.3	Geologi og landskapsbilete	10
3.2.4	Klima	11
3.2.5	Kulturhistorie, kulturlandskap og kulturminne	11
3.2.6	Tilstøytande område	12
4	Eigar- og brukarinteresser	12
4.1	Landbruk.....	12
4.1.1	Jord og skogbruk	12
4.1.2	Jakt, fangst og fiske	12
4.1.3	Driftshusvære	13
4.1.4	Kulturlandskap	13
4.2	Friluftsliv	13
4.2.1	Stigar og løyper	13
4.2.2	Fritidsfiske og jakt	14
4.3	Eksisterande bygningar innanfor Brattefjell-Vindeggen.....	14
4.4	Tiltak og inngrep	15
4.4.1	Større utbyggingar	15
4.4.2	Motorferdsle	15
5	Om Vernet.....	17
5.1	Føremål-verneforskrifta.....	17
5.2	Politiske signal.....	17
5.2.1	St.prp. nr. 65	17
5.2.2	Inst. S. nr. 260 (2002-2003)	18
5.2.3	St. meld. nr.21 (2004-2005)	19
5.2.4	Naturmangfaldlova	19
6	Framtidig forvaltning av landskapsvernområdet.....	20
6.1	Visjon.....	20
6.2	Mål.....	20
6.3	Utfordringar i planperioden	20
6.4	Forvaltningstrategi.....	20
6.5	Forvaltningsmynde, aktørar og rolleavklaring	21
6.6	Forvaltningssoner	22
6.6.1	Vernesone (Sone 1)	22
6.6.2	Brukssone (Sone 2)	23
6.6.3	Kulturlandskapssone (Sone 3)	25
7	Praktisering av verneforskrifta (tiltaksdel).....	28
7.1	Jord- og skogbruk	28

7.1.1	Jord og skogbruk	29
7.1.2	Bygninger i samband med jordbruk, skogbruk og utmarksnæring	29
7.1.3	Kulturlandskap	30
7.2	Friluftsliv	31
7.2.1	Stigar og løyper	31
7.2.2	Jakt, fangst og fiske	32
7.3	Motorisert ferdsle	32
7.4	Bygninger	33
7.5	Informasjon.....	34
7.6	Naturovervaking	35
7.7	Skjøtselsplan.....	36
7.8	Oppsyn.....	37
7.8.1	Rollefordeling	37
7.8.2	Oppsynsfrekvens	37
7.8.3	Statens naturoppsyn	37
7.9	Sakshandsaming	38
7.10	Rullering av Forvaltningsplan.....	38
7.11	Rapportering	39
8	Litteratur.....	40
9	Vedlegg	41

1 Innleiing

Utanom Hardangervidda er Brattefjell-Vindeggen det største gjenverande naturområdet i Telemark utan vesentlege tekniske inngrep.

Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde med dyrelivsfreding vart oppretta ved Kgl.res. av 15. desember 2000. Det samla arealet er 381,7 km², verneområdet ligg innanfor kommunane Hjartdal (206 km²), Seljord (119,7 km²), Tinn (34,7 km²) og Vinje (21,3 km²) i Telemark. Landskapsverneområdet er eit samanhengande fjellområde som ligg sud for Møsvatn/Rjukan, vest for Gaustatoppen, nord for Hjartdal og aust for Rauland.

Føremålet med landskapsvernområdet er å:

- Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.
- Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.
- Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne.

Forvaltningsplan

Dei fire Brattefjell-Vindeggen kommunane overtok forvaltningsmynde for verneområde frå og med 01.10.2004 og dei sette straks i gong prosessen med utarbeiding av dette plandokumentet. All forvaltning i landskapsvernområdet skal ta utgangspunkt i verneforskrifta.

Målet med Forvaltningsplanen:

- Forvaltningsplanen skal vere ei praktisk hjelpemiddel i å oppretthalde og fremme verneføremålet.
- Samordne forvaltninga av Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde i alle fire kommunane.
- Etablere ei langsiktig, berekraftig lokal forvaltning.
- Syte for at forvaltningsplanen blir eit nyttig verkty som skal sikre eit vakkert og eigenarta naturlandskap med tilhøyrande kulturlandskap, biologisk mangfald og leveområde for villrein spesielt.
- Forvaltningsplanen skal vere ei kjelde til informasjon om kva for aktivitetar som vil bli tillatne innanfor verneområdet, kva for tiltak som kan godkjennas etter nærare søknad, og kva for tiltak som er forbode, samt til informasjon om særlege tilretteleggingar i dei ulike forvaltningssonene.

Heimelsgrunnlaget

Oppretting av landskapsvernområde er heimla i § 5 i Naturvernlova, her heiter det: *”For å bevare eigenarta eller vakkert natur- eller kulturlandskap kan arealer leggast ut som landskapsvernområde. I landskapsvernområde må det ikkje iverksettast tiltak som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter. Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om tiltak må tenkjast å ville endre landskapets art eller karakter vesentleg”.*

Status som landskapsvernområde inneber eit mildare vern enn som nasjonalpark. Tradisjonell bruk av området vil som regel kunne halde fram som tidlegare under føresetnad av at det ikkje blir gjennomført inngrep som vesentleg kan endre landskapets karakter.

Politiske signal

St.meld. nr. 21 (2004-2005) ”Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand” inneheld viktige signal for arbeidet med forvaltningsplanen for BV.

St.prop. nr. 65 (2002-2003) legg opp til bruk, vern og verdiskaping i fjellområda, men seier også at det er ein viktig utfordring å skape større legitimitet om vern av område som grunnlag for verdiskaping i lokalsamfunnet. ”Det økte presset på arealene i fjellområde setter store krav til god arealplanlegging basert på kunnskap om natur- og kulturminneverdiene, samt gode samarbeidsprosesser både lokalt, regionalt og på statelig nivå mellom landbruk, reiseliv og natur- og kulturminneforvaltning”.

Prosjekt mål

Målet er å samordne forvaltninga i alle fire kommunane. Arbeidet med forvaltningsplanen vart lagt opp som eit prosjekt, for nærare beskriving sjå kap.2 Metode. Forvaltningsplanen er utarbeidd med heimel i verneforskrifta kap. 5 og angjev nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon, skjønnsutøving og forvaltningspraksis. Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande, men retningsgjevande for forvaltninga etter verneforskrifta. Direktoratet for naturforvaltning (DN) er ansvarleg fagstyresmakt for forvaltning av alle område verna etter Naturvernlova og skal derfor godkjenne Forvaltningsplanen.

Prosesen

Mykje arbeid blei lagt ned i prosessen i oppstartsfasen av planarbeidet. Det blei lagt opp til ein brei folkeleg deltaking i arbeidet som mellom anna besto av utstrakt møteaktivitet. Alle interessegrupper i området vart invitert til å delta på møte og kome med innspel i ein tidleg fase av planarbeidet, jfr. Lokal Agenda 21 om folkeleg deltaking. Mange har medverka med konstruktive og gode innspel undervegs i arbeidet, ein stor takk til alle som har delteke.

Vi håpar forvaltningsplanen blir eit nyttig verktøy som skal medverke til å sikre eit vakkert og eigenarta naturlandskap med tilhøyrande kulturlandskap, biologisk mangfald og leveområda for villreinen spesielt. Samtidig blir det lagt opp til at naturressursane i området skal gje grunnlag for naturopplevingar, sysselsetting og verdiskaping i dei omkringliggende fjellbygdene.

Rullering

Forvaltningsplanen skal rullerast etter 4 år ut frå erfaringar med lokal forvaltning så langt. Det vil heilt sikkert vere behov for nokre endringar ettersom meir kunnskap vert opparbeida undervegs i forvaltninga.

2 Metode

I samband med utarbeidinga av Forvaltningsplan for Brattefjell-Vindeggen blei det sett i gang eit prosjekt med namn; "Forvaltningsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde".

Brei og open planprosess

Arbeidet med utarbeidinga av Forvaltningsplanen blei lagt opp som eit vanleg prosjekt. Planen er utarbeidd etter mal frå DN-handbok 17-2001. Med bakgrunn i missnøya blant grunneiarane i samband med tidlegare gjennomført verneprosess for Brattefjell-Vindeggen, har det i arbeidet med forvaltningsplanen i sterk grad blitt prioritert å kjøre ein brei og open prosess. Alle aktuelle partar blei tatt med og hadde moglegheit til å kome med innspel til planarbeidet.

For å sikre lokal medverknad og ein best mogeleg prosess hadde prosjektbeskrivinga med fylgjande delmål:

Delmål 3:

Gjennomføre ein prosess med brei folkeleg deltaking og tiltaksretta sluttprodukt.

2.1 Organisering av prosjektarbeidet

Dei fire Brattefjell-Vindeggen kommunane Hjartdal-, Seljord-, Vinje- og Tinn har vore oppdragsgjevarar til prosjektet.

2.1.1 Styringsgruppa

Prosjektet har vore leda av ei styringsgruppe med fylgjande samansetnad:

Kommune:	Ordførar:	Sakshandsamar:	Grunneierrep:
Hjartdal kommune	Olav Tho (leiar)	Svein Vetle Trae/ Roar Borgerås	Olav T. Mosebø
Seljord kommune	Jon Kleivstaul/ Solveig Abrahamsen	Alexander Connor/ Jørn-Ingar Sanda	Tor Lien
Vinje kommune	Arne Vinje	Lasse Mathisen	Bjørn Skinnarland
Tinn kommune	Brynjulf Einungbrekke/ Birger Hovden (rep. ordfører)	Bjørn Bjørnsen	Sigmund Røysland

2.1.2 Sekretariat og prosjektarbeid

Faun Naturforvaltning AS har hatt Sekretariatet for prosjektet. Tor Gunnar Austjord har vore prosjektleiar og Ole Roer har vore prosjektmedarbeidar. Svein Vetle Trae blei leigd inn som konsulent av Faun for å sikre naudsynt lokalkunnskap og fagkompetanse.

2.1.3 Innsamling av grunnlagsmateriale

Den faglege prosjektgruppa har nytta desse metodane for utarbeiding av framlegg til forvaltningsplan:

- Litteratursøk, -Empiriske data, -Møteaktivitet, -Innspel, -Realitetsvurdering av innspel m.v., -Framstilling av ulike temakart og Rapportskriving.

-

Mange innspel kom fram på dei ulike møta som er halde i løpet av planprosessen, desse gjeng fram av møtereferat, sjå www.fnat.no. I tillegg vart det satt inn annonser i alle aktuelle Telemarksaviser med oppfordring om å kome med skriftlege innspel til planarbeidet.

2.1.4 Økonomi

Utarbeidinga av foreliggende forvaltningsplan er finansiert gjennom skjønsmidlar frå Fylkesmannen i Telemark etter vedtak i Vest-Telemark rådet, samt DN i sluttfasen.

3 Områdeskildring

3.1 Lokalisering-eigarforhold

Brattefjell-Vindeggen Landskapsvernområde ligg i eit fjellområde sud-aust for Møsvatn i Telemark fylke. Namnet skriv seg frå dei to fjella Brattefjell (1540 moh) og Vindeggen (1516 moh) som ligg i kjerna av fjellområdet. Kommunane Hjartdal, Seljord, Vinje og Tinn grensar inn i området. Det samla arealet er 381,7 km². Dei to fyrstnemnde kommunane har størst areal. Heile området er i privat eige og talet eigedomar (Gnr/bnr) innanfor Brattefjell-Vindeggen er 299 stk.

Talet eigedomar innanfor landskapsvernområdet:

Kommune:	Tal Gnr/bnr:	Samla areal i km ²
Hjartdal kommune	171	206,0
Seljord kommune	96	119,7
Vinje kommune	17	21,3
Tinn kommune	15	34,7

3.2 Omtale av området

Brattefjell-Vindeggen er prega av det me kan kalle viddetopografi, med relativt avrunda former. Området er imidlertid meir gjennomskore av dalar enn sjølve Hardangervidda. Kvartsittmassiva bidreg til at området har eit større relieff enn me finn lengre nord på vidda. Det finst ingen markerte U-dalar, men fleire av dei største dalføra er prega av is-erosjon. Dette ser me tydeleg i Gausdalen. I daldraga finner me den rikaste vegetasjonen, grunnlaget er basiske bergartar og ein topografi som skaper eit godt mikroklima.

3.2.1 Geografiske data

Naturgeografisk tilhøyrrer området to regionar: den sud-austlege delen kan karakteriserast som "Forfjellsregion med hovudsakleg boreal vegetasjon"(33a), medan den nordlege delen tilhøyrrer "Fjellregionen i søndre del av fjellkjeda – Hardangervidda" (35c). Om lag 25 ulike vegetasjonstyper er registrert innanfor Brattefjell-Vindeggen.

3.2.2 Naturfagleg skildring

Storparten av området har ein typiske flora ut frå dei geologiske og geomorfologiske tilhøva på staden. Nokre delområde har rike vegetasjonssamfunn og sjeldne planteartar. Den artsrike faunaen inneheld dei fleste artane ein vanlegvis finn i høgtliggande barskog og alpine område. Mange hekkande artar av ender og vadefugl er av særleg verdi då lokalitetane ligg langt sør for elles kjende utbreiingsområde i Skandinavia sitt høgfjell. Den lokale villreinstamma i Brattefjell-Vindeggen har internasjonal verneverdi og gjer området til eit viktig økosystem (Trae 1996).

Å sikre villreinstamma er eit viktig motiv for verneplanen. Noreg har i internasjonal samanheng eit særleg forvaltningsansvar for villreinen.

For villrein er hovudregelen at alt areal over skoggrensa er teljande jaktareal. Skoggrensa er markert ved skiljet mellom grønt og kvitt på eit M 711/N 50 kart (målestokk 1:50 000). Trae studerte dette området i 1992-95 og fann at under kalvinga spreier simlene seg over store område i fjellmassivet Svafjell, Brattefjell og Robekk. Faste kalvingsstader finst ikkje, men varierer med beite og snøtilhøva. Kalvingstidspunktet varierer også, storparten av kalvinga skjer i tidsrommet 15. mai til 10. juni, men det er også observert nyfødde kalvar så seint som i

slutten av juli. Ungdyr og bukkar tek tidlig i bruk sørvende hellingar der det blir tidleg bart og finst proteinrik groe. Ofte kan dyra trekke heilt ned i bjørkeskogen om våren. Etter kalvinga trekker også simlene til hellingane mot sud. Dverbjørkeskudd, musøyre og fjellsyre ser ut til å vere svært etertrakta. Etter at fostringsflokkane er etablert tek dei tilhald i enkelte nøkkelbiotopar. Om sumaren vert ofte bakhellingane i fjellmassiva nytta som tilfluktsstad i varme periodar når fluger, brems og mygg herjar. Når villreinjakta tek til 20. august går ofte dyra i små flokkar og kan treffast på i heile villreinområdet. Etter eit par dagars jakt har reinen samla seg i større flokkar. Villreinen har i seinare tid trekt frå kjerneområdet og ned i skogen mot Svartdal, Hjartdal og Tuddal i delar av året.

Teljande areal i Brattefjell-Vindeggen Villreinområde er oppgjeve til å vera 357 km². Heile området er i privat eige. Villreinområdet består av ulike jaktfelt.

Biotopfragmentering, det vil sei oppsplitting av samanhengande område, er ofte årsak til tap av biologisk mangfald og miljøproblem. Ei av dei største utfordringane for forvaltninga av villreinen er å unngå ytterlegare oppsplitting av villreinens leveområde i Brattefjell-Vindeggen (Trae 1994).

St.melding nr. 21 (2004-2005) "Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand" legg stor vekt på konklusjonane i rapporten "Villrein og samfunn" som er utarbeidd av ei breidt samansett rådgjevingsgruppe (Andersen & Hustad red. 2004).

3.2.3 Geologi og landskapsbilete

Bergartane i området er alle frå prekambrisk tid, dvs. grunnfjellsbergartar. I området frå Skjesvatn i sør-vest til Bondal/Tuddal i nord-aust finn me for det meste sure vulkanske bergartar frå Rjukangruppa. Desse bergartane er om lag 1500 millioner år gamle og dei eldste me kjenner til i Telemark.

Dei same bergartane finn me att i Svinefjellområdet. I nord-vest mot Frøystul og Møsvatn finn me ulike andre bergartar frå Rjukangruppa, med meir basisk innslag.

I området frå Åmotsdal i sør og i ein boge nord- og seinare nord-austover mot Vindsjøen og Gaustatoppen finn me for det meste kvartsitt og kalkholdig skifer frå Seljordgruppa. Desse bergartane er noko yngre enn Rjukangruppa.

I tillegg finn me amfibolittiske (basiske) bergartar spreidd rundt i heile området. Desse har trengt inn i bergartane frå Rjukan- og Seljordgruppa på eit seinare tidspunkt.

Dei høgareliggande delane av området er for det meste bart fjell eller med eit tynt og usamanhengande morenedekke. Lokalt i dalføra finn me eit meir samanhengande dekke av botnmorene. Ved sørenden av Sandsetvatn ligg eit felt med daud-is-morene, og daud-is-former som eskere og haugar finst spreidd i området. Det finst også spreidde forekomster med bre-elv- og elveavsetningar, medan organiske avsetningar dvs. myr, er meir utbreidd.

Forvitra og nedrast fjell finst fleire stader i området. Blokkmark finn me blant anna på Gausta-massivet (nest største forekomst i Telemark). På vestsida av Gausta finn me det største samanhengande området med ur i fylket.

Landskapsbilete er mange stader prega av kulturpåverknad frå tidlegare tider, sjå kap. 3.2.5.

3.2.4 Klima

Kontinentalt (innlands-) klima er karakteristisk for dei lågere partia av området, medan dei høgare områda har eit klima som tenderer mot ein svak oseanisk type (Meteorologisk Institutt).

Tabell 1: Nedbørmåling frå Reisjå, Tuddal (jfr. Hjartdøla k.v)

År	1983	1984	1985	1986	1987	1988	1989	1990	1991
Nedbør mm	1042	1179	701	1020	1047	1451	835	1102	733

Store delar av nedbøren kjem som snø. Snøen ligg frå 200 til 225 døgn i året, stuttast tid i sør. Årstemperaturen er i snitt frå 0 til 2 grader C.

I fjellet er det særleg snømengda og fordelinga av denne som bestemmer mønsteret for vegetasjonens mosaikk (Gaare & Hansson 1990). Me kan forvente større innslag av snøleiesamfunn mot nord, og meir leside- og rabbe-vegetasjon mot sud.

Snødekkets varighet har betydning for kor tidleg reinen kan gå over frå vinterbeite til vår- og forsommar-beite (Gaare & Skogland 1975). Snøtilhøva styrer i stor grad reinens aktivitet og bruk av leveområdet både vinter og sommar (Skogland 1988, Skogland 1978). Kunnskap om snøforhold er derfor viktig i villreinforvaltninga.

3.2.5 Kulturhistorie, kulturlandskap og kulturminne

Landskapet i Brattefjell-Vindeggen er i ulik grad prega av kulturpåverknad frå tidlegare tider; jernvinning, staulsdrift, utmarksbeite, skogsdrift, jakt, fiske og friluftsliv er døme på årelang bruk som har sett preg på området.

Innafor området finst det verdfulle kulturlandskap med heilskaplege og i stor grad intakte staulsmiljø. I samband med nasjonal registrering av verdfulle kulturlandskap er det peika ut i alt fem prioriterte lokalitetar i Telemark. To av desse ligg i tilknytning til Brattefjell-Vindeggen og har tilhøyrande staular inne i området som er tilrådd verna.

Dei flotte staulsområda vitnar om kor godt forfedrane våre i fjellbygdene har tekje vare på fjellområdet gjennom fleire tusen år.

Historisk sett er Brattefjell-Vindeggen villreinområde ei landtunge av Hardangervidda-plataet, men er no "avsnørt" frå resten av vidda ved storsamfunnets krav; oppdemming av Møsvatn, bygging av Riksveg 37 Rjukan-Rauland, bygging av parallellførte kraftliner, hytte- og turistbygging m.v.

Dei store vatna inne i landskapsvernområdet som er oppdemte i samband med kraftutbygging, er ikkje verna.

Brattefjell-Vindeggen byr likevel på store opplevingskvalitetar og er mykje nytta til friluftsliv dei siste 120 åra.

Kulturminne i Brattefjell-Vindeggen er ikkje fullstendig registrera. Me tek likevel med desse kulturminna til orientering: Fangstgrav ved Tanderen i Bondal, brynesteinsbrot ved Butjønn i Seljord, rester etter jernvinning i Svartdalsheiene og Sudbøområdet i Seljord, ei mengd hustufter og bygningar på gamle stulsro. I tillegg er det ei rad med gamle rekste-, buferds- og ridevegar. Det knyter seg mange segner og sogur rundt kulturminna i Brattefjell Vindeggen.

For oversyn over automatisk freda kulturminne registrera innanfor Brattefjell-Vindeggen sjå kulturminnedatabasen – Askeladden;

<http://www.ra.no/?module=Articles;action=Article.publicShow;ID=3153>

3.2.6 Tilstøytande område

Forvaltningsplanen gjeld innanfor grensene til landskapsvernområdet Brattefjell-Vindeggen. Ein opererar ikkje med omgrepa randområde/randzone, men tilstøytande område.

Innanfor verneområdet er det verneforskrifta om gjeld. Utanfor verneområdet vil det vere plan og bygningslova m.v. som gjeld. Her nemnast at Flottin dyrefredningsområde (14 692 daa) og Gausdalen naturreservat (2 229 daa) ligg i tilknytning til landskapsvernområde. Føremålet med fredinga av Flottin er taka vare på det rike fuglelivet og fuglane sitt livsmiljø, medan ein i Gausdalen naturreservat skal bevare et spesielt høgtliggjande og lite påverka skogområde.

4 Eigar- og brukarinteresser

4.1 Landbruk

4.1.1 Jord og skogbruk

Tradisjonelt har Brattefjell-Vindeggen området blitt mykje nytta til stulsdrift/beite.

I dag er det berre tre stular som er i drift i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde:

Namnlaus (Hjartdal), Finnvollen (Hjartdal) og Kråkeroe (Seljord), sjå temakart soneinndeling.

Generelt blir saubeite utnytta moderat, medan ein ser store konsentrasjonar av sau i td. Skarbubeite (Lifjell-Bossbøen-området i Seljord og Vinje).

Nokre få stader vert fjellbeite nytta intensivt til storfe i sommarhalvåret (td. Systebulia i Hjartdal og Kråkeroe i Seljord).

Det ligg ingen fjellgardar med innmark innanfor vernegrensa, men fleire av desse har fjellbeite og stular i Brattefjell-Vindeggen området. Fjellområda betyr mykje for desse fjellgardane.

Rett på utsida av verneområdet finst store område med fjellskog (Seljord og Hjartdal).

Ved hjelp av satellittdata har ein freista å teikne eit skogbestandskart over heile området.

Tradisjonelt har fjellskogen vore nytta til brensel og tømmer til bygging og vøling av stulsbuer.

I historisk samanhang var nok presset på fjellskogen veldig stort i dei periodane det blei drive intensiv stulsdrift som kravde mykje brensele.

4.1.2 Jakt, fangst og fiske

Tradisjonelt har jakt, fangst og fiske vore like viktig som stulsdrift for å overleva for fjellbøndene rundt Brattefjell-Vindeggen.

Ein bondøl fortel at heilt opp til siste krig fanga kvar gard i Nord-Bondal opptil 500 rupur i snøru. Fangsten køyrde dei like til Kongsberg-marken for å selja.

Nedlegging av rakfisk har lange tradisjonar i fjellbygdene, både til eige bruk og til sal og byte.

Utleige av jakt, særleg rupe- og harejakt, blei vanleg i 1920 åra.

Forvaltning av jakt og fiske på landbrukseigedom er landbruk når dette utgjer ei reell og inntektsgejvande næringsverksemd av noko omfang. Utnytting av jakt og fiske kan foregå som hausting for eigen bruk eller for sal av kjøt og fisk, eller ved at jakt- og fiskerett med husvære vert leigd ut.

Villreinjakta blei før i tida drive meir sporadisk som matauk. Var det overskot av dyr på Hardangervidda trekte mange inn i Brattefjell-Vineggen. I moderne tid starta lovleg reinsjakt i 1980. Stamma var då altfor stor og i ferd med å trampe ned og ete opp sitt eige beite. Villreinjakta er i tillegg til den totale påsketrafikken den faktor som påverkar villreinstamma mest. Studier av villreinsens tidsforbruk syner at før jakt nyttar dyra heile 48,5 % av døgeret til beiting, og berre 4,5 % til løping. Under jakta går beitetida ned til 40 %, medan heile 20 % av døgeret går med til å løpe frå jegarene (Kolle 1985).
Hausting av eit biologisk overskot gjennom jakt er likevel heilt naudsynt, for at ikkje villreinstamma skal vekse seg ut av matfatet.

4.1.3 Driftshusvære

Tradisjonelt har dei fleste fjellgardar som soknar til Brattefjell-Vindeggen, samt ein del gardar på flatbygdene som har tileigna seg fjellbeite, hatt mange driftshusvære. Med driftshusvære meiner ein husvære som er naudsynte for drifta av landbrukseigedomen.

Det kan nemnast at ein på garden Bondal i Nord-Bondal (Hjartdal) har om lag 50 hus å taka vare på. Mange av desse ligg i Brattefjell-Vindeggen. Før i tida var ein heilt avhengig av å koma inn i eit sel når ein var ute på gjeting, sauleit, jakt og fiske.

Verneforskrifta sitt kapittel IV punkt 3.1 gir rom for at forvaltningsstyresmakta etter søknad kan opne for etablering av nødvendige bygningar i samband med jord- og skogbruk. I verneforskrifta er jord- og skogbruk klart avgrense til det som er tradisjonelt fell inn under omgrepa, og omfattar derfor ikkje jakt, fangst og fiske. Eksisterande bygningar derimot kan leigast ut i samband med jakt og fiske.

4.1.4 Kulturlandskap

Det finst ei rad verdfulle spor etter tidlegare tiders bruk av Brattefjell-Vindeggen området, men Svartdalsheiane (Seljord) og Måråstaddalen (Bondal i Hjartdal) må reknas som dei mest konsentrerte og best bevarte stulsområda innan landskapsvernområdet. Dei representerar difor på ein god måte mangfaldet av kulturminne (Nordby 1994).

Kulturlandskapet fortel om kvardagsliv og strev for tilveret. Bygningsmessig forfall, feil restaurering og gjengroing av kulturlandskapet og dermed tap av biologisk mangfald, er dei store utfordringane. Aktiv bruk av kulturlandskapet er naudsynt.

4.2 Friluftsliv

4.2.1 Stigar og løyper

Tradisjonelt har Brattefjell-Vindeggen området hatt mange reksteveggar i samband med stulsdrift og fjellbeite.

Mange av desse rekstevegane som går gjennom fjellskogbandet, er i ferd med å gro att, særleg med bjørk og vier, men også brisk og gran der det finst.

Merka turveggar i høgfjellet er konsentrert til Skinnarbu-Grasfjellområdet i samband med hotelldrifta (nærturløyper). Den gamle ridevegen mellom Skuldalen i Åmotsdal og Bossbøen ved Møsstrand er rydda og merka. Denne vegen har nok ein tusenår gamal tradisjon som kommunikasjonsåre mellom fjell- og flatbygder. Presten M. B. Landstad nytta denne vegen.

Merka/oppkjørte skiløyper i høgfjellet er konsentrert til Skinnarbu-Grasfjellområdet (Tinn kommune), og Svinefjell/Leirbekkdalen mot Rauland (Vinje kommune). Dette er både nærtur

og langturløyper. Tidlegare var det også merka/oppkjørte skiløyper inn i Robekk/Mefjell-området, men desse blei stoppa av villreinstyresmakta på 80-talet.

Det finst og fleire enkle preparerte skiløyper som blir køyrt opp i perioden februar-mars.

Hjartdal kommune: I Bondal blir det køyrt opp løype i området Heddevatn, Mårastaddalen (Nilseløypa) og området Bonsvatn/Vindsjøen. I Hjartdal blir det også køyrt opp løype frå Breivatn mot Flottin. Alle desse tre løypene er vurdert av miljøstyresmaktene i høve til villrein. Empiriske data visar at reinen stor sett held til i området Storsteindalen nord i kommunen og i kjerneområdet Brattefjell-Vindeggen i vinterhalvåret. Det er viktig at ikkje omtalte løyper blir ført lengre inn i landskapsvernområdet.

Seljord kommune: Det blir køyrt opp løype frå Skuldalen til Sandsetdammen av kraftselskapet. Flatdal idrettslag køyrer opp løype frå Nørsteig til Svain. Det vert og køyrt opp løype frå Småtjønn til Raudåi.

I Tinn er det utarbeidd stig- og løypekart for å avklare konflikhtar og kanalisere ferdsla. Det er elles utarbeidd turkart i alle 4 Brattefjell-Vindeggen-kommunane. Utviding av løypenettet i Brattefjell-Vindeggen vil auke presset på verneverdiane.

Alle kjente merka stigar og merka/oppkjørte skiløyper er teikna inn i vedlagt temakart. Umerka gamle rekstevegar, stiar og skiløyper er ikkje vist på temakart. Det presiserast at temakartet er retningsgivande.

4.2.2 Fritidsfiske og jakt

Jakt, fiske, bærplukking og liknande som har preg av friluftsliv- eller fritidsaktivitet, eller som utgjer eit naturtilskot til eiga hushaldning, vil falle utanfor landbruksbegrepet som del av friluftsliv.

Utleige av jakt og fiske innanfor Brattefjell-Vindeggen er eit bidrag til ålmenta si tilgang på slike tilbod.

4.3 Eksisterande bygningar innanfor Brattefjell-Vindeggen

Dei fleste bygningane som finst i Brattefjell-Vindeggen er hytter (fritidshusvære) som har kome etter den generelle velstandsutviklinga i 1960 og -70 åra. Nokre få jakthytter blei bygde allereide i 1920-30-åra.

Innanfor landskapsvernområdet finn ein samla 710 eksisterande bygningar. Dei fleste hytter og driftshusvære ligg i bruks- og kulturlandskapssonene, sjå temakart. Ut frå foreliggende data er det ikkje mogleg å få fram oversikt over fordelinga mellom fritidshusvære og driftshusvære for dei eksisterande bygningane. Hyttekonsentrasjonen er størst utanfor verneområdet, men vil i høg grad påverke vernverdien i landskapsvernområdet. Desse områda har særstor utbygging: Austbø - Torvetjønn (Vinje), Skinnarbu og Frøystul (Tinn), Tuddal, Bondal og Breivatn (Hjartdal), Sudbø og Kvambekk (Seljord).



Bilete syner bygningar ved Smørbrekk i Brattefjell-Vindeggen med utsikt mot Gryvlun. Foto: Tor Lien

4.4 Tiltak og inngrep

4.4.1 Større utbyggingar

Oppdemming av Møsvatn ved århundreskiftet, bygging av riksveg 37 og parallellført kraftline, har saman med hyttebygging skapt ei effektiv stengsle (barriere) for villreintrekket som i tidlegare tider gjekk over Møsstrond. Storstilt kraftutbygging i Hjartdalsfjella i slutten av 1950-åra, og og seinare oppdemming av Sandset vatnet (Seljord) opna på godt og vondt fjellområdet gjennom mange anleggsvegar.

Desse irreversible inngrepa er nok dei største trugsmåla ved sidan av ferdsle, mot det biologiske mangfaldet i Brattefjell-Vindeggen (Trae 1996).

Meldeplikta for skogsvegar som blei innført i 1992 har fanga opp at det er interesse for vegbygging i fjellskogområda mot Brattefjell-Vindeggen.

4.4.2 Motorferdsle

Utviklingstendensen når det gjeld antal snøscooterar og 4-hjulingar (ATV) i Noreg visar at det stadig blir fleire som tek i bruk motorisert reidskap i utmark. Motorferdsellova og føresegner regulerar all køyring i utmark og på islagde vatn. Køyring inn mot Brattefjell-Vindeggenområdet skjer frå alle fjellbygder som grensar til verneområdet. Dei fire Brattefjell-Vindeggen-kommunane har gjeve relativt få dispensasjonar for motorferdsle i landskapsvernområdet, men praksisen for handsaminga av slike søknadar er ulik. Det er eit mål i seg sjølv å få til ein best mogleg lik sakshandsaming i alle kommunane.

Transportbehovet kan ofte dekkast med nokre få turar i året til fritidshyttene som ligg i landskapsvernområdet.

Ulovleg køyring skjer sporadisk også inne i landskapsvernområdet. Politiet og SNO foretek kontrollar. Det er behov for effektivisering av kontrollapparatet og tettare samarbeid med grunneigarane.

I Seljord er det scooterløype frå Skuldalen-Sandset i samband med inspeksjon av dammen med meir. Det går også løype inn frå Fossheim og Svartdal inn til Småtjønn og Svain (Seljord).

I Vinje har det også i mange år vore scooterløype frå Skuldalen til Møsstrand. I Hjartdal er det scooterpreparert løype inn til Flottin. I Bondal er det scooterpreparert løype frå Nord-Bondal til Mårastaddalen, og frå Bonsvatn til Vindsjøen (etter sommarvegen). Sistnemnde løype blir og nytta ved tilsyn av kraftanlegg. Elles er hovedtyngda av ferdsla langs desse oppkøyrt løypene knytt til skiløyping og transport av utstyr til hytter.

Av større idrettsarrangement som berører Brattefjell-Vindeggen området kan nemnast "Gaustraløpet" som går frå Rjukan fjellstue i Tinn gjennom Gausdalen til Gransherad i Notodden kommune.

Tidlegare blei det også arrangera "Brattefjell-låmi" frå Sudbø gjennom Grotvassdalen til Svartdal, men dette blei stoppa av villreinstyresmaktene i 1980-åra.

Det er utarbeidd eigne interkommunale forskrifter med forbod mot motorferdsle i beite- og kalvingsområde for villrein visse tider av året (FOR 1996-12-30 nr 1415, sjå vedlegg).

Reglar om motorferdsle innanfor landskapsvernområde må evaluerast når ny lov om motorferdsle trer i kraft.

5 Om Vernet

5.1 Føremål-verneforskrifta

Verneverdiane innanfor Brattefjell-Vindeggen er knytt til flora, fauna, natur- og kulturlandskap.

Føremålet med landskapsvernområdet er å:

- Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.
- Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.
- Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne

”Forskrift om vern av Brattefjell-Vindeggen Landskapsvernområde” vernar området mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg, kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Reglane skal likevel ikkje vere til hinder for ei rad ulike oppreksta tiltak, og forvaltningsstyresmakta kan på nærare vilkår gje løyve til tiltak som ikkje strir mot føremålet med vernet.

Verneforskrifta er altså utforma slik at lokalsamfunna sin tradisjonelle bruk skal kunne halde fram, samstundes som ein skal sikre området mot nye tekniske inngrep i strid med verneføremålet.

I forvaltninga av området må forvaltningsstyresmakta ta omsyn til at mange mindre tiltak over tid samla kan medføre at området karakter endrast og at verneverdiane vert skadelidande. Det er og sentralt at verneområdet skal forvaltast med tanke på å ivareta verneverdiane i eit langsiktig perspektiv.

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen Landskapsvernområde ligg som vedlegg til Forvaltningsplanen.

5.2 Politiske signal

Desse dokumenta inneheld oversikt over politiske signal frå dei siste åra.

5.2.1 St.prp. nr. 65

Utdrag frå rammer:

”Regjeringen legger følgende rammer til grunn for en overordnet politikk for økt miljøtilpasset turistmessig bruk av fjellområdene:

- Vår unike fjellnatur skal bevares som kilde til friluftsliv, rekreasjon og natur- og kulturopplevelser, samtidig som disse ressursene skal gi grunnlag for sysselsetting og verdiskaping i fjellbygdene.
- Forvaltningen av fjellområdene skal ta utgangspunkt i de rammebetingelsene som den sårbare fjellnaturen setter, dvs. økosystemtilnærming.
- Norsk fjellnatur og kulturhistoriske verdier i fjellet skal utvikles som merkevare for økt turistmessig bruk av fjellområdene”.

5.2.2 Inst. S. nr. 260 (2002-2003)

Utdrag frå 15.13 1 Sammendrag:

”I forbindelse med budsjettbehandlingen høsten 2002 vedtok Stortinget 2. desember 2002 etter innstilling fra finanskomiteen følgende henstilling til Regjeringen:

”Stortinget ber Regjeringen innen 1. oktober 2003 komme tilbake til Stortinget med en sak om bærekraftig bruk av utmark og fjellområdene i Norge. I den forbindelse skal bl.a. spørsmålet om nærmere retningslinjer for økt turistmessig bruk av disse områdene utredes nærmere, både på arealer utenfor og innenfor større verneområder opprettet etter naturvernloven. Initiativet som bidrar til utvikling av kvalitetsturisme, med respekt for det naturlige, økonomiske, sosiale og kulturelle miljøet i fjellregioner, bør dyrkes frem og støttes”.

Regjeringen legger til grunn at *fjellområder* i denne sammenheng omfatter områder hvor verdier og særpreg i fjellet har betydning for næringsutvikling og lokalisering av bebyggelse. Regjeringen mener at en slik funksjonell avgrensning av *fjellområder* er det mest hensiktsmessige for å besvare Stortingets oppdrag.

I samsvar med Stortingets henstilling vil hovedfokus ligge på å synliggjøre potensialet for økt turistmessig bruk av fjellområdene både innenfor og utenfor verneområdene, uten at natur- og kulturhistoriske verdier ødelegges.

Regjeringen legger følgende rammer til grunn for en overordnet politikk for økt miljøtilpasset turistmessig bruk av fjellområdene:

- Vår unike fjellnatur skal bevares som kilde til friluftsliv, rekreasjon og natur- og kulturopplevelser, samtidig som disse ressursene skal gi grunnlag for sysselsetting og verdiskaping i fjellbygdene.
- Norsk fjellnatur og kulturhistoriske verdier i fjellet skal utvikles som merkevare for økt turistmessig bruk av fjellområdene.

For å kunne øke den turistmessige bruken av våre verneområder og den lokale verdiskapningen vil Regjeringen:

- Sørge for at det særlig innenfor landskapsvernområder legges til rette for mindre, miljøtilpasset turistvirksomhet innenfor rammen av verneformålet.
- Prioritere og forsere arbeidet med nye, og justere eldre forvaltningsplaner for verneområdene i fjellet.
- Legge til rette for at vern av områder og utvikling av nærliggende lokalsamfunn i større grad sees i sammenheng i forbindelse med verneprosesser.

Gjennom forvaltningsplanlegging og soneinndeling av verneområdene vil en kunne sikre en variert tilrettelegging for friluftsliv, lokalt næringsliv m.a. landbruksbasert reiseliv og turisme tilpasset verneformålet og innenfor de grensene som er nødvendig for å ta vare på natur- og kulturverdiene.

Opparbeiding av stier og løyper, samt god naturinformasjon bidrar til å sikre viktige kvaliteter ved at stor ferdsel og aktivitet kanaliseres til bestemte områder, mens omkringliggende områder skånes mot uheldige miljøbelastninger. Samtidig blir naturen lettere tilgjengelig for brukerne, og dermed bedres også grunnlaget for lønsomme reiselivsaktiviteter”.

5.2.3 St. meld. nr.21 (2004-2005)

Forvaltning av verneområder - utdrag frå s.42:

”Regjeringen legger stor vekt på at nasjonalparkene skal være et viktig grunnlag for verdiskapningen i distriktene, jf. St.prp.nr.65 (2002-2003) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet*.

Naturverdiene som er grunnlaget for næringsutviklingen må derfor ikke reduseres eller ødelegges.

Forvaltningsplaner må utarbeides for de verneområdene som er mest aktuelle for ulike næringsaktiviteter.

I verneområdenes randsone bør eventuelle nye anlegg samlokaliseres med eksisterende infrastruktur for å unngå tap av urørt natur”.

Arealpolitiske mål - utdrag frå s.132:

”Norges arealer skal forvaltes slik at natur- og kulturmiljøer, landskap og viktige kvaliteter i omgivelsene blir tatt vare på i hele landskapet.

Gjennom en samordnet arealpolitikk skal de nasjonale målene for lokal og regional omstilling og utvikling forenes med de nasjonale målene for bevaring av natur- og kulturverdier.

1. Fjellområdene skal forvaltes som landskap der kultur- og naturressursene, næringsmessig utnytting og friluftsliv sikres og gjensidig utfyller hverandre.
2. Miljøkvaliteter i landskapet skal sikres og utvikles gjennom økt kunnskap og bevisst planlegging og arealpolitikk.
3. Villreinens leveområder skal sikres.
4. Årlig omdisponering av de mest verdifulle jordressursene skal halveres, og spesielt verdifulle kulturlandskap skal være dokumentert og ha fått en særskilt forvaltning innen 2010.
7. Vassdragene skal forvaltes gjennom helhetlig arealpolitikk som ivaretar vassdragslandskap, vassdragsbelter og vannressurser.
8. Fritidsbebyggelse skal lokaliseres og utformes med vekt på landskap, miljøverdier, ressursbruk og estetikk.

5.2.4 Naturmangfaldlova

Vedtak om vern av Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er heimla i naturvernlova.

Den 1. juli 2009 trådte naturmangfaldlova i kraft og naturvernlova vart oppheva. Sjølv om naturvernlova er oppheva, gjeld verneforskrifter vedtekne i medhald av den gamle lova inntil Kongen bestemmer noko anna, jf § 77 første punktum i naturmangfaldlova.

I dei tilfelle det vert søkt om dispensasjon etter den generelle dispensasjonsheimelen i kap VI i verneforskrifta, skal desse likevel vurderast etter dispensasjonsheimelen i § 48 i naturmangfaldlova, jf § 77 andre punktum. Den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta er sett ut av kraft. Det er viktig å vere merksam på at om ein skal gje dispensasjon etter nml § 48, skal grunngevinga for vedtaket vise kva for måte forvaltningsstyresmakta har vurdert verknadane som dispensasjonen kan få for verneverdiane, og kva for vekt det er lagt på desse, jf nml § 48 4. ledd siste punktum.

6 Framtidig forvaltning av landskapsvernområdet

6.1 *Visjon*

Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde skal bli eit døme på at prinsippet om bruk og vern skal styrke både naturmiljøet, kulturmiljøet, næringsutviklinga og busetnaden i området.

6.2 *Mål*

Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde skal forvaltast slik at ein tek vare på:

- Det vakre og eigenarta naturlandskapet
- Villreinen og det biologiske mangfaldet
- Kulturminne og kulturlandskap
- Mogelegheitene for stadstilpassa næring og verdiskaping innenfor formålet med "Fjellteksten"

6.3 *Utfordringar i planperioden*

- Betre informasjonsflyt mellom forvaltninga og brukarane
- Iverksette felles forvaltning og samordne handsaminga i kommunane
- Finne balansen mellom bruk og vern
- Etablere samarbeidet mellom dei ulike interessene i området.

6.4 *Forvaltningstrategi*

- Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde skal forvaltast i tråd med dei gjeldande forskrifter og gjeldande forvaltningsplan for området.
- Forvaltningsstyresmakta skal vere tydeleg og konsekvent i all sakshandsaming.
- Forvaltninga skal stadig søke forbetringar i høve til vedtekne mål i forvaltningsplanen.
- Forvaltningstyresmaktene (dei fire Brattefjell-Vindeggen kommunane) skal så langt som mogeleg søke råd i lokalsamfunna for å utvikle forvaltninga av området vidare.
- Grunneigarane skal ha ei sentral rolle i forvaltningsplanarbeidet.

6.5 Forvaltningsmynde, aktører og rolleavklaring

Aktør:	Rolle
Hjartdal-, Seljord-, Vinje- og Tinn kommunar	Har i brev datert 14.06.2004 fått delegert forvaltningsmynde frå Direktoratet for naturforvaltning frå og med 01.10.2004. Vanlege kommunale sakshandsamingsrutiner der administrasjonen vurderar og tilrår, og politikarane gjer vedtak, gjeld.
Samarbeidsutvalet Brattefjell-Vindeggen Ordførarane, sakshandsamarane og representantar for grunneigarane i landskapsvernområdet	Som samarbeidsutval: rådgjevande ved sakshandsaming av saker i landskapsvernområdet Som styringsgruppe: Vedtaksrett for beslutningar i arbeidet med framlegg til forvaltningsplan. Alle forvaltningsvedtak skal handsamast i den einskilde kommune administrativt og politisk.
Direktoratet for naturforvaltning	Har overordna ansvar for alle verneområde i Norge. Godkjenningssmyndigheit for forvaltningsplanen og klageinstans for vedtak etter verneforskrifta. Fylgjer med på utviklinga i området gjennom kommunanes rapportering og kopiar av dispensasjonsvedtak.
Fylkesmannen i Telemark	Statens representant i Telemark. Fylgjer med på utviklinga i området gjennom kommunanes rapportering og kopiar av dispensasjonsvedtak. Fungerar som rådgjevar og diskusjonspartner. Forvaltar midlar til tiltak i verneområda som kommunane kvart år kan søke på ma. info. tiltak.
Telemark Politidistrikt	Har ansvar for all polititeneste som vert utført innafor distriktet, også den som vert utført av personar med avgrensa politimynde.
Statens Naturoppsyn (SNO)	Etter lova er hovudoppgåvene informasjon, rettleiing og kontroll. Det skal først kontroll med at bestemmelsane gitt i, eller i medhald av, naturvernlova, friluftsløva, lakse- og innlandsfiskeløva, viltlova, motorferdsellova, kulturminneløva og deler av forurensningslova blir haldne. I tillegg til desse oppgåvene kan SNO drive skjøtsel, registrering og dokumentasjon.
Grunneigarorganisasjonar	Medverknad og innspel til planarbeidet / skjøtsel Vilt- og fiskestell.
Grunneigarar	Praktisk forvaltning og skjøtsel av eigen eigedom.
Interesseorganisasjonar	Medverknad og innspel til planarbeidet / skjøtsel.

6.6 Forvaltningssoner

Formålet med ei soneinndeling av verneområde er å nå verneformålet på ein best mogleg måte. Vern av naturmiljøet er den overordna målsettinga for alle delane av verneområdet, uavhengig av kva for sonekategori dei tilhøyrer.

I verneområde med differensiera bruk er det ofte behov for å opprette forvaltningssoner med ulike målsettingar for ferdsle, tilrettelegging og bruk. Tilrettelegging for bestemte aktivitetar må vere knytt til særskilde behov, og samstundes vere restriktive i høve til andre interesser. Ein ynskjer ikkje å opne for tiltak som kan redusere verneverdien eller gjere drifta vanskeleg. DN-Handbok nr. 17-2001 "Områdevern og forvaltning" beskriv i kap. 6.3 sonering i verneområde. I handboka er dei ulike sonene definera slik:

Vernesone

Villmarksprega område der naturvern hensyn skal vere overordna andre interesser. Område med få spor av nyare inngrep, kor det og i framtida er ønskeleg å halde områda utan inngrep, berre med eventuell tilrettelegging der det er gamle ferdselsveggar eller enkelt merka stiar med noko ferdsel. Område med urørt natur kor naturen sine egne prosessar skal gå mest muleg upåverka høyrer heime her.

Brukssone

Område der forsiktige tiltak og inngrep for det enkle friluftslivet kan tillatast, t.d. merking av stiar og oppsett av sjølvbetjena turlagshytter i samband med eit planlagd rutenett. Hytter og støylyar med og utan drift kan ligge i denne sona. Det same gjeld område kor det er opna for hogst og enkle tiltak i samband med reinsdrift og husdyrbeite. I samband med tyngre tilrettelagde stiar, kjerrevegar, kjøretrasear, gjerder og liknande, kan sona utgjere ein smal tarm gjennom landskapet.

Sone med særskilt tilrettelegging/tiltak

Område kor ein kan legge forholda særleg tilrette for ferdsel og opne for særskilde tiltak knytt til reiseliv, reindrift m.v. Område med store tekniske inngrep t.d. regulera vann, høyrer med i denne sona.

Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er delt inn i 3 sonekategoriar. Det er utarbeidd retningslinjer for handsaming av ulike sakstypar knytt til kvar enkel sone. Retningslinjene klargjer restriksjonsgrad med referanse til sonene.

6.6.1 Vernesone (Sone 1)

Vernesona omfattar dei sentrale høg fjell-/fjellskogområde i Brattefjell-Vindeggen. Her finst villmarksprega område med få spor etter menneskelege inngrep. Store verneverdiar ligg her. Områda er særleg viktig som leveområde for villreinen både som beite-, trekk- og kalvingsområde. I høg fjellet finn ein viktige vinterbeiteområde for villreinen. Kvar rein bør om vinteren ha om lag 1 km² beiteareal i høg fjellet, med andre ord er vinterbeite flaskehalsen for villreinstamma i Brattefjell-Vindeggen. Overgangssona mellom høg fjell og fjellskog er også særleg viktig i samband med kalving og fostringsflokkane vårbeite. Forstyrning og inngrep vil få stor tyding for villreinstammes evne til å reprodusere og overleve i Brattefjell-Vindeggen (Trae 1996).

Høg fjellet i Brattefjell-Vindeggen inneheld i dag ein rik fauna. Med unnatak av jerv og fjellrev finst alle artar som inngår i eit høg fjellsøkosystem. Overgangssona mellom skog og fjell er også særleg artsrik med representarar frå to økosystem. Den gamle fjellskogen der gran i mange høve dannar skoggrense, er også svært artsrik og viktig i samanheng med vern av biologisk mangfald.

6.6.1.1 Forvaltningsmål for Vernesona (Sone 1)

- Vernesona skal oppretthaldast som eit urørt naturområde rikt på biologisk mangfald.
- Berevna for villrein skal oppretthaldast på dagens nivå ved å taka vare på viktige beite- og kalvingsområde.
- I forvaltningsplanperioden skal det gjerast ei nærare kartlegging av viktige område for biologisk mangfald for villrein.
- Ein skal være særleg restriktiv i høve til å dispensere for nye tiltak/anlegg og motorferdsle i Vernesona.
- Vernesona skal bevarast utan ny tilrettelegging for skigåing og fotturisme.
- Hausting i form av jakt, fangst og fiske skal kunne halde fram i Vernesona som tidlegare.

Spesielle retningslinjer for bruk/ferdsel i Vernesona:

- Det er ynskjeleg å unngå framtidige inngrep og tilretteleggingstiltak i Vernesona.
- Tilrettelegging av nye stigar og løyper skal ikkje finne stad.
- Menneskeleg ferdsle bør unngåast i Vernesona i perioden april – juni av omsyn til villreinkalvinga.
- Ein bør oppfordre til at organisera ferdsle blir avtala med grunneigar/SNO for å unngå konflikstar. Her er det friluftslivslova som gjeld.
- Ingen form for nye sleper kan godkjennast innanfor Vernesona.
- All motorferdsle i utmark skal gå føre seg i tråd med lov og føresegner for motorferdsle i utmark og på islagde vatn, med dei begrensningane som ligg i verneforskrifta. Gjennom eiga forskrift er det forbod mot motorferdsle i spesielt sårbar område i Brattefjell/Vindeggen området: Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark. jfr. FOR 1996-12-30 nr 1415, (sjå vedlegg). Desse retningslinene tek utgangspunkt i villreinens arealbruk.
- All lågtflyging under 300 meter er i følge verneforskrifta forbode. Forvaltningsstyresmakta kan på nærare vilkår gje løyve til lågtflyging under 300 meter i samband med reintelling og kalking. Forvaltningsstyresmakta skal handsame alle søknader om landingsløyve strengt.

Avgrensing av Vernesona går fram av vedlagt temakart.

6.6.2 Brukssone (Sone 2)

Brukssona omfattar område som vert nytta i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrhald, som ikkje er med i kulturlandskapssona. Denne sona er definert som element i det grønfarga området (det vil sei fjellskogområda) på eit N50-kart. Brukssona omfattar og tyngre tilrettelagte stigar, godkjente merka skiløyper, kjøretrasear og vegane inn til dei regulerte vatna Sandsetvatn, Skjesvatn og Vindsjøen.

Brukssona har stor verdi for fjellgardane rundt Brattefjell-Vindeggen, og det er her vi finn potensial for framtidig verdiskaping.

Brukssona omfattar i hovudsak områda som i dag er nytta til ekstensive driftsformer i landbruket m.a. husdyrbeite, skogsdrift og jordbruk.

Dei fleste driftshusværa ligg i brukssona, i tillegg ligg og fleire driftshusvære innanfor kulturlandskapssona. Brukssona er einskilde stader viktige som leveområde for villrein og anna vilt i heile eller delar av året.

6.6.2.1 Forvaltningsmål for Brukssona (Sone 2)

- Områda skal forvaltast med tanke på å ta vare på områdas art og karakter utan inngrep som vesentleg kan endre landskapets utforming.
- Områda skal kunne nyttast til landbruksdrift for å sikre næringsgrunnlaget til grunneigarane.
- Oppretthalding av drift i utmarka er m.a. viktig for å taka vare på kulturlandskap og plantesamfunn, og derved det biologiske mangfaldet.
- I dei områda som i delar av året er minst sårbare for forstyrring av m.a. villrein, kan ein legge til rette for naturopplevingsprodukt og jord- og skogbruk som bidrar til å sikre næringsgrunnlaget for dei lokale fjellbygdene gjennom aktiv verdiskaping med fjellet som ressurs.

Spesielle retningsliner for bruk/ferdsel i Brukssona:

Bygningar

- Innanfor sona skal det vere tillatt med naudsynt vedlikehald av eksisterande bygningar. Det kan også gjevast løyve til tilbygg og ombygging av eksisterande bygningar.
- Særskilte retningsliner gjelder for estetikk og materialbruk, sjå kap. 7.
- Det kan gjevast løyve til oppføring av nye bygningar som er naudsynt i samband med jord- og skogbruksdrift.
- Ein kan unntaksvis gje dispensasjon for oppføring av nye bygningar i samband med annan utmarksnæring, sjå kap. 7.1.2 for nærare retningsliner.

Friluftsliv

- Det presiserast at det kun er forsiktige tiltak og inngrep for det enkle friluftslivet som tillatast i brukssona t.d. rydding og merking av stigar.
- Etter verneforskrifta er det forbod mot oppføring av bygningar og anlegg m.m. Bestemmelsen vil og som hovedregel ramme mindre innretningar – både faste og mellombels. Det kan imidlertid unntaksvis vere aktuelt for forvaltningsstyresmakta ut frå ein nærare vurdering av tiltaket og områdets karakter, å gje løyve til mindre mellombels tiltak, som t.d. oppsetting av lavvo i delar av året.

Motorferdsle

- All motorferdsle i utmark skal gå føre seg i tråd med lov og føresegner for motorferdsle i utmark og på islagde vatn, med dei avgrensingar som ligg i verneforskrifta. Gjennom eiga forskrift er det forbod mot motorferdsle i spesielt sårbar område i Brattefjell/Vindeggen området: Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark. jfr. ”FOR 1996-12-30 nr 1415”. Desse retningslinene tek utgangspunkt i villreinens arealbruk, sjå eige temakart for motorferdsle og villrein.

- Der det er behov for motorferdsle på barmark, så skal dette skje på godkjente sleper utpeika av Forvaltningsstyresmakta, sjå vedlagt temakart kor dei godkjende slepene er teikna inn.
- Motorferdsle skal ikkje føre til varige markskader.
- Forvaltningsstyresmakta kan på nærare vilkår gje løyve til anlegg av veg/sleper i samband med landbruksverksemd.
- Målet er å kanalisere ferdsle for å unngå ei mengd hjulspor i terrenget. Enkle sleper til stuler som er i drift kan tillatast, men berre etter godkjenning av forvaltningsstyresmakta. ”Stular som er i drift” definerast som stular der det blir drivi fullstulsdrift kor bufe beiter i tilknytning til stulen og der kyr/geiter blir mjølka og mjølka blir foredla på stulen eller blir frakta ut for foredling.
- Traseer til uttransport av elg og hjort kan tillatast i bruks- og kulturlandskapssona i tråd med ”Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag” sin § 2b. Verneforskrifta seier at dette berre kan skje etter faste ruter som er peika ut av forvaltningsstyresmakta, sjå innteikning på vedlagt temakart. Det presiserast at det kun er høve til å nytte jernhest eller 4 hjuling (ATV) o.l.

Avgrensinga av Brukssona og innteikning av trasear går fram av vedlagte temakart. Innteikning av godkjente traktorsleper vert gjort ved første rullering av forvaltningsplanen, då ein treng meir tid på å registrere og vurdere desse.

6.6.3 Kulturlandskapssone (Sone 3)

Ved sida av villreinen representerar kulturlandskapet i Brattefjell-Vindeggen ein viktig verneverdi. Ein har difor valgt å skille ut spesielt representativt kulturlandskap i ein eigen kulturlandskapssone med differensiert forvaltningspraksis.

Kulturlandskapssona omfattar område som skal gje eit representativt utval av menneskjepåverka område og bygningar som bør takast vare på. Dei utvalte områda har særlege kvalitetar/verneverdi av kulturhistorisk tyding. Områda inneheld viktige døme på ulike bruksformer, lokal byggeskikk og er av særleg verdi for ålmenta og friluftsliv. Ei rad element går inn i heilskapen rundt stulsdrifta; steingjerde, rydningsrøyser, eiser, grunnmurar og reksteveggar er alle fysiske element som speglar dei gamle driftsformene. Sona omfattar i hovudsak stulsmiljø, men inneheld og viktige funksjonsområde for vilt m.a. for villrein. Under fylgjer beskrivelse av viktige stulsområde i sone 3.

Svain og Steinstulen

Desse stulsområda ligg i Svartdal vest for Skjesvatn og aust for Fylgjomstjønni, og strekker seg frå Småtjønn (800 moh.) i sud til Svain/Steinstaulen (925 moh.) i nord. Stulane ligg heilt opp mot tregrensa. Det er fyrst og framst fjellgardar i Svartdal, Dyrlandsdalen og Åmotsdal som har hatt stulsdrift i desse områda gjennom generasjonar. Stulsdrifta blei trappa ned etter andre verdskrig og utover i 1950 åra, men det var også stular som hadde drift heilt opp i 1970-talet (t.d. Venehaug).

I dag blir områda nytta mest til saubeite. For nokre år sidan var det også storfe på beite her. Bygningsmassa er mangfaldig og interessant. Fleire stulsvoller er vokst til med brisk. På minst ein av stulane er det rydda i kulturlandskapet i seinare tid.

Måråstaddalen

Måråstaddalen ligg nordvest for Bondal i Hjartdal kommune. Stulsområdet ligg nord for Åtetjønn (911 moh.). Området strekker seg vidare i vestleg retning og blir avgrensa ved

Lislestulane (om lag 1000 moh.). Stulane ligg i bjørkebeltet. Her hadde ein alt stulsdrifta var avhengig av; beitemark, vatn og trevirke. Det er tett mellom stulane i området.

Det var gardar frå Bondal, Sauland og Heddal som hadde stulsdrift i desse traktene. Drifta blei trappa ned etter andre verdskrig, men nordre Deilstul blei drive fram til 1979, og Listul blei avvikla fyrst i 1984. Stulane blei også slått.

Bygningsmassa består av både tømmersele og bygg i bindingsverk. På øvre Lislestul (om lag 1000 moh.) er setuselet bygd av stein. Dette er den einaste intakte bygningen av denne typa som er registrera i området (Nordby 1995).

Namnlaus

Stulen Namnlaus ligg nord for Skjesvatn i Hjørdal kommune. Her har det blitt drive tradisjonell stulsdrift heilt fram til i dag. Bufersvegen frå Hjørdal til denne stulen blei øydelagt ved oppdemming av Skjesvatn i slutten av 1950 åra.

Stulen har ei interessant bygningsmasse som er plassert på ein fin stulsvoll. Dette er eit fint døme på korleis aktiv husdyrbeiting held kulturlandskapet i hevd.

Gausdalen

Utvikling og restaurering av kulturlandskapet innover i Gausdalen er naturleg i tilknytting til stulsdrifta ved Selstali. Dette samsvarar og med historien i dette området. Selstali er ein vellukka gardsturisme-etablering/reiselivsbedrift. Stulen ligg utanfor vernegrensa men beitedyra nyttar området innover i Gausdalen innafor Brattefjell-Vindeggen. Gråbeinstaulen ligg like innafor vernegrensa og vert i dag nytta som driftshusvære i tilknytting til Selstali.

6.6.3.1 Forvaltningsmål for Kulturlandskapssona (Sone 3)

- Framtidig bruk av kulturlandskap og anlegg i Kulturlandskapssona skal avpassast føremålet med vernet.
- Ein ynskjer å taka vare på særleg verdfullt stulsmiljø med tilhøyrande eigenarta kulturlandskap med kulturhistorisk verneverdi.
- Skjøtsel av kulturlandskapet skal ha høg prioritet. Områda kan tilretteleggast i samband med næringsutvikling til beste for eigar og ålmenta, så lenge tiltaka ikkje er i strid med verneformåla.
- Det skal vere høve til vidareutvikling av områda så lenge utviklinga er i tråd med verneforskrifta.
- I Forvaltningsplanperioden bør ein kartlegge nærare viktige område for biologisk mangfald i kulturlandskapssona.

Spesielle retningslinjer for bruk-/ skjøtsel- og ferdsle i Kulturlandskapssona:

- Ivaretaking av dei omtalte områda i kulturlandskapssona krev aktiv skjøtsel og oppretthalding av jord- og skogbruk.
- Det er ynskjeleg å legge til rette for aktiv husdyrbeiting på alle verneverdige stulsområde i landskapsvernområdet for å hindre attgroing. I kva for omfang dette skal kunne finne stad avgjerast av forvaltningsstyresmakta og grunneigarane i tråd med verneforskrifta. Ein tenker seg her at det utarbeidast og godkjennast skjøtselplanar for den aktuelle drifta.
- Det kan vere aktuelt å gjenskape stulsmiljø eller framheva gamle vollar og hustuffer, der grunneigaren ynskjer å gjenopprette aktiv stulsdrift. Slik gjenoppsetting av gamal drift som krev tekniske inngrep, må godkjennast av forvaltningsstyresmakta der verneforskrift ikkje er til hinder for dette.

- Forvaltninga bør stimulere til bruk og vedlikehald gjennom utarbeiding av skjøtselsplanar for utpeika område/bygningsmiljø. Alle tiltak skal vere fagleg forsvarleg og vurdert av forvaltningsstyresmakta.
- Brattefjell-Vindeggen-kommunane med areal i kulturlandskapssona, bør prioritere tiltak og midlar til kulturlandskapssona.
- Merking av turstigar over stulsro skal ikkje førekome.
- All motorferdsle i utmark skal gå føre seg i tråd med lov og føresegner for motorferdsle i utmark og på islagde vatn, med dei avgrensingar som ligg i verneforskrifta.
- Øvrige retningsliner som for brukssona (Sone 2)

Avgrensinga av Kulturlandskapssona går fram av vedlagt temakart.

7 Praktisering av verneforskrifta (tiltaksdel)

Verneforskrifta utgjer den endelege ramma for forvaltninga. Forvaltningsstyresmakt sitt handlingsrom er avgrensa av denne.

Verneforskrifta listar opp:

- Kva tiltak som er forbode.
- Kva tiltak som det kan gjevast løyve til på nærare vilkår.

Av verneforskrifta går det fram kva unnatak ein kan gje løyve til i særskilde høve. I sakshandsaminga skal saker fyrst vurderast i høve til verneforskrifta, eventuelt supplerast med vedtak i medhald av særlov.

7.1 Jord- og skogbruk

Utdrag frå verneforskrifta kap. 4, punkt 1:

1. Området skal vere verna mot alle inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets sin art eller karakter.
 - 1.1 Med dei unntak som fylgjer av forskrifta pkt. 2 og 3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, uttak eller oppfylling av masse, uttak av torv, bergverksdrift og andre inngrep i grunnen, bygging av kraft- og telefonliner, damanlegg, taugbaner og skitrekk, opplag av campingvogner, grøfting, planting, skifte av treslag, nydyrking, oppføring og ombygging av bygningar og anlegg, skilting, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking, bruk av kjemiske middel og utslepp av forureining av alle slag. Opplistinga er ikkje uttømmande.
Det er Fylkesmannen som i tvilstilfelle avgjer om eit tiltak vesentleg vil endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.
 - 1.2 For skjøtsel og drift av skogen i området gjeld retningslinene for forvaltning av verneskog i Telemark. Planting og tekniske inngrep i samband med skogsdrifta, til dømes bygging av skogs- og traktorvegar, krev likevel godkjenning av forvaltningsstyresmakta

Utdrag frå verneforskrifta kap. 4, punkt 2 – Reglane i punkt 1 skal ikkje vere til hinder for:

- 2.1 Beiting og drift av eksisterande setervollar, utslåttar og dyrka jord. Dette omfattar rydding, kalking og gjødsling i samsvar med gjødslingsplan, som er godkjent av forvaltningsstyresmakta.
- 2.2 Drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar og anlegg. Dette gjeld og fornying av anlegg for overføring av kraft, herunder rydding i og langs trasé, oppgradering av kraftliner for heving av spenningsnivå, auke av linetversnitt, nye master m.v. når dette ikkje i vesentleg grad vil vere til skade for verneformålet.
- 2.3 Oppføring av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade. Slike saker skal leggjast fram for forvaltningsstyresmakta, som kan setja vilkår for storleik og materialbruk, plassering og utforming av bygningane.
- 2.4 Jakt og fiske etter dei lovar og reglar som til ein kvar tid gjeld.

Utdrag frå verneforskrifta kap. 4, punkt 3 – Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, kan forvaltningsstyresmakta på nærare vilkår gje løyve til:

- 3.1 Tiltak i samband med jord- og skogbruk, så som oppføring av bygningar o.l.
- 3.2 Mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar i området.
- 3.3 Anlegg av veg i samband med landbruksverksemd eller eksisterande kraftanlegg, dersom frakt på vinterføre eller bruk av helikopter ikkje er mogleg.

Stimulerande tiltak

Tilskotsordningar for skjøtsel i form av kulturlandskapspleie, rydding av kratt/skog og tilskot for å få beitedyr inn i området.

Særskilde emne å ta omsyn til

Motorferdsel ved utøving av landbruk, for nærare retningslinjer sjå kap. 7.3

7.1.1 Jord og skogbruk

Verneforskrifta er utforma slik at lokalsamfunna sin tradisjonelle bruk av områda skal kunne halde fram, samstundes som ein skal sikre området mot nye tekniske inngrep i strid med verneføremålet. Sjølv om det ikkje er innmark innanfor vernegrensa er området viktig i samband med stulsdrift/fjellbeite for mange av dei lokale fjellgardane.

- Beiting skal vere med for å bevare kulturlandskapet i området.
- Skogen i Brattefjell-Vindeggen kan avverkast på lik linje med anna verneskog i Telemark.
- Til særskilde føremål er fjellskogen meir verdfull enn låglandsskog. Primært bør tømmer transporterast ut på snødekt mark, men då det kan vere problem å få ut tømmer med økonomisk overskot vinterstid grunna mykje snø, skal det vere høve til å opparbeide enkle traktorsleper i bruks- og kulturlandskapssona for uttransport av tømmer sumartid, etter godkjenning av forvaltningsstyresmakta. Trasear som det vil kunne vere aktuelt å tillate brukt må teiknast inn på kart som vedlegg til forvaltningsplanen.
- Forvaltningsstyresmakta skal godkjenne kvart enkelt tiltak, td oppføring og ombygging av bygningar og anlegg, ut frå ei fagleg vurdering. Vidare er det sjølvsagt høve til å ta ut ved i området.
- Samordning av forvaltningspraksis knytt til jord- og skogbruk i dei fire Brattefjell-Vindeggen kommunane skal kome i stand etter diskusjon i samarbeidsutvalet.

7.1.2 Bygningar i samband med jordbruk, skogbruk og utmarksnæring

Det skal vera ei restriktiv forvaltning av området i høve til heilt nye bygningar. I utgangspunktet signaliserar verneforskrifta forbod mot nye bygningar utanom bygningar naudsynt i samband med jord- og skogbruk, jfr. Verneforskrifta kap. 4, punkt 1.1, 2.3 og 3.1.

For å få til ein best mogleg lik praksis for dokumentasjon av behov for oppsett av nye bygg i dei fire Brattefjell-Vindeggen kommunane gjeld desse krava:

- Behov for nye bygningar bør dokumenterast gjennom driftsplan som vert godkjent av kommunane sin landbruksfaglege kompetanse.

Kommunane bør oppfordre til vedlikehald av eksisterande bygningar, skjol og båthus.

Innafor brukssona og kulturlandskapssona kan forvaltningsstyresmakta etter fagleg vurdering gje løyve til:

- Bygge opp at stulshusvære på gamle tufter når formålet er bruk i samband med jord- og skogbruk.
- Oppsetting av nye bygningar på inntil 50 m² i samband med jord- og skogbruksdrifta dersom det ikkje strir mot verneformålet og tiltaket er i samsvar med plan- og bygningslova.
- Tilbygg på inntil 10 m² til eksisterande bygningar kan tillatast dersom det samla areal ikkje overstiger 50 m².
- Det kan byggast uthus på inntil 15 m² der trongen for dette er dokumentert.

DN legg til grunn at kgl.res. 15. Desember 2000 om vern av Brattefjell-Vindeggen ved MDs uttale ”*Dersom det skulle vise seg at anna type næring skulle ha trøng for tiltak innafor verneområdet, opnar den generelle unntaksbestemmelsen i kap. VI for å kunne vurdere søknad om dette. Løyve skal kunne gjevast dersom tiltaket ikkje kjem i strid med føremålet for vernet*”, utvidar den generelle unntaksbestemmelsen utover kva den normalt kan nyttast til. Unntaksvis kan ein difor gje dispensasjon for oppføring av nye bygningar i samband med annan utmarksnæring etter nærare retningslinjer. Dette gjeld når;

1. Eigedomen har behov for husvære for hausting av utmarksressursar.
2. Utmarksnæring kan utgjere ein vesentleg del av inntektsgrunnlaget for eigedomen.
3. Aktiviteten inngår i ein driftsplan.

Følgjande retningslinjer leggst til grunn for når unntaksvis dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova for oppsett av nye bygningar i samband med annan utmarksnæring, kan tillatast:

- Nye bygg kan tillatast innafor brukssona og kulturlandskapssona i område som ikkje kjem i konflikt med sentrale funksjonsområde for villrein.
- Det bør vere ei nedre grense for om det kan seiast å vere ”næringsmessig potensial” knytt til nye byggetiltak på teigen/eigedomen. Retningsgjevande grense vert sett til 1500 daa (Storleik på eigedom / avtalefesta samarbeid mellom fleire eigarar kan vurderast. Rettar som inngår grunneigarsamarbeid og som blir lagt til grunn for ev. løyve bør tinglysast).
- Tiltaket er del av ei driftseining med landbruksdrift og kan seiast å danne grunnlag for attåttnæring / del av drifta og inngår i driftsplan for bruket.
- Ein bør vurdere om det er andre driftsbygningar knytt til eigedomen som dekker behovet for husvære.
- Ein bør vurdere tilkomst og avstand (gangtid) til veg / anna husvære på eigedomen retningsgjevande min 3 km / 1 time.
- Ein bør vurdere om nybygg vesentleg kan endre landskapets sin art eller karakter.

I dispensasjonsvedtak etter § 48 i naturmangfaldlova, skal det framkomme korleis retningslinjene over er vurdert.

7.1.3 Kulturlandskap

Gjengroing er ei generell utvikling i heile regionen. Dette er ein trussel mot det biologiske mangfaldet i kulturbetinga naturtypar i landskapsvernområdet. Historisk sett er det beiting og stulsdrift som har vore drivkrafta til at landskapet har utvikla det særpreget som delar av

landskapsvernområdet har. Mange element i kulturlandskapet er i ferd med å gå tapt. Det kan vera aktuelt å gjenskapa stulsmiljø eller framheva gamle vollar og hustufter. For slike tiltak er det aktuelt å utarbeide eigne skjøtselsplanar for utvalte område. Då ein manglar fullgod dokumentasjon på kulturminne i Brattefjell-Vindeggen er det lagt opp til eiga registrering av kulturminne i løpet av planperioden (sjå kap. 7.7).

Verneforskrifta skal ikkje vere til hinder for beiting og drift av eksisterande setervollar, utslåttar og dyrka jord.

Innafor kulturlandskapssona skal forvaltningsstyresmakta etter fagleg vurdering arbeide for å:

- Stimulere til å få tilbake fleire beitedyr for å bevare kulturlandskapet.
- Opprette ordningar med opp til 70 % tilskot for tiltak som er med på å bevare kulturlandskapet, noko som må få høg prioritet særleg i kulturlandskapssona.
- Opprette tilskotsordningar for skjøtsel i form av kulturlandskapspleie, rydding av kratt/skog og tilskot for å få beitedyr inn i området skal samordnas av forvaltningsstyresmakta slik at handsaminga i dei ulike kommunane blir mest mogleg lik.

7.2 Friluftsliv

Retten til fri ferdsle i utmark er grunnlaget for hovudtyngda av friluftsliv i verneområda. Denne retten er ein del av dei eldgamle allemannsrettane. Då omfanget av ulike former for friluftslivsformer er aukande skal det leggest til rette for eit balansert friluftsliv i Brattefjell-Vindeggen. Ein må venta at internasjonaliseringa av økonomien, deriblant turistindustrien, vil føra til aukande pågang av tilreisande som vil nytte fjellområde til friluftsliv. Det er i verneforskrifta ikkje satt forbod mot ferdsel i verneområdet. Forvaltningsstyresmakta oppmodar likevel til minst mulig ferdsle i vernesona under reinskalvinga.

7.2.1 Stigar og løyper

I verneforskrifta kap. 4, punkt 1.5, 2.5 og 3.4 heiter det:

”Innafor nærare avgrensa delar av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift forby all slags ferdsle heile året eller i ein del av året når ein reknar det naudsynt for å bevare plante- eller dyrelivet eller geologiske førekomstar. Regelen gjeld ikkje for ferdsle i samband med gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsverksemd”.

- Når tiltaket kan skje utan at det strir med vernet kan forvaltningsstyresmakta i samråd med grunneigar, på nærare vilkår gje løyve til opparbeiding og merking av nye turstigar og løyper. Det er viktig at forvaltningsstyresmakta gjer ei fagleg vurdering av det einkilde innspelet før det blir sett i gang tiltak med rydding og merking av nye stigar og løyper.
- Dei viktigaste merka stigane og merka/oppkjørte skiløypene er vist på eige temakart (sjå vedlegg). Det presiserast at temakartet er retningsgivande. Merking og stikking av eksisterande stigar og skiløyper skal kunne halde fram som tidlegare utan særskilde løyve.
- Motorferdsle i samband med oppkøying av skiløyper/merking av stigar krev løyve.
- All tilrettelegging for friluftsliv i fjellet, som merking av stigar og skiløyper og bygging av bruer og klopper, skal vere i tråd med PBL og DN's handbok

”Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv” (DN 1993). Merkinga gjerast i samråd med grunneigar.

- Større anlegg og omfattande turisme skal lokaliserast utanfor landskapsvernområdet.
- Aktivitetar som kan vere forstyrrende for villrein t.d. skikyting og hundspannkøyring bør ikkje førekome i sårbare område. Forvaltningsstyresmakta ønskjer dialog med utøvere for å sikre at aktivitetane ikkje kjem i konflikt med vernet.

7.2.2 Jakt, fangst og fiske

I verneforskrifta kap. 4 er det lagt opp til at:

”Område skal vere verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets sin art eller karakter.

Reglane i punkt 1 skal ikkje vere til hinder for bl.a. ”jakt og fiske etter dei lovar og reglar som til ein kvar tid gjeld”.

- Utnytting av jakt og fiske i Brattefjell-Vindeggen kan gå føre seg som hausting for eige bruk, for sal av kjøt og fisk, eller ved ved at jakt- og fiskerett med eller utan husvære vert leigd ut. I dag er det normalt utleige av jakt- og fiskerett saman med husvære som gjer den beste lønsemda for eigedomen.
- For å sikre ei berekraftig forvaltning av jakt- og fiske ressursane er det naudsynt å utarbeide driftsplanar for dei ulike ressursane. Jakt og fiskestell må forankrast i faglege vurderingar.
- Sleper for uttransport av felt elg og hjort skal peikast ut av forvaltningsstyresmakta. Trasear som kan vere aktuelle for uttransport av felt elg og hjort må merkast av i eige temakart over trasear aktuelle for motorisara ferdsle. Transport av felt elg og hjort utanfor godkjende trasear, skal skje med lette terrenggåande køyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.

7.3 Motorisert ferdsle

I området som er verna i medhald av naturvernlova, er det strengare reglar for motorisert ferdsle enn det som følger av motorferdsellova/nasjonal forskrift.

I verneforskrifta kap. 4, punkt 1.3 og 1.4 heiter det:

”-Lågtflyging under 300 m er forbode.- Motorferdsle skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta. All motorferdsel skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmande markskader, hjulspor o.l.”

Det er utarbeidd egne interkommunale forskrifter med forbod mot motorferdsle i beite- og kalvingsområde for villrein visse tider av året jfr. ”FOR 1996-12-30 nr 1415”, sjå temakart.

- Forvaltningsstyresmakta har peika ut rutene kor det kan bli gitt løyve til motorferdsle, sjå vedlagt temakart. Innteikning av godkjente traktorsleper vert gjort ved første rullering av forvaltningsplanen, då ein treng meir tid på å registrere og vurdere desse.
- Ein bør samordne handsaminga av løyve til naudsynt køyring.
- Enkeltløyve skal ikkje handsamast etter verneforskrifta, men etter motorferdsellova med dei avgrensingar som er fastsatt i verneforskrifta og den interkommunale forskrifta som er nemnt ovanfor. Det presiserast at motorferdsellova gjeld med dei avgrensingane som verneforskrifta set.

- Løyve til leigekjøring med snøscooter skal berre gjevast til fastbuande, der køyringa utgjer ein del av næringsgrunnlaget jfr. § 5a i nasjonal forskrift om motorferdsle.
- Berre ferdselsreguleringar innanfor verneområdet kan heimlast i verneforskrifta. Dei store vatna/magasina i Brattefjell-Vindeggen (Sandsetvatn, Skjesvatn, Kova og Vindsjøen) er ikkje omfatta av landskapsvernet. Avgrensing og tiltak i samband med båt/fly her, må heimlast i anna lovverk.
- I tillegg til godkjenning av dispensasjonssøknad frå kommunen, må ein innhente løyve fra grunneigar før ein kan køyre i utmark/islagte vatn jfr. motorferdsellova § 10.
- Kontroll av motorferdsle i verneområde utførast av politiet og SNO.
- Visar elles til spesielle retningsliner for motorferdsle i brukssona (Sone 2) jfr. Kap. 6.6.2. i Forvaltningsplanen, og Kulturlandskapssona (Sone 3) jfr. Kap. 6.6.3.

7.4 Bygningar

I landskapsvernområdet er det i utgangspunktet forbode å føre opp nye bygningar med unnatak i samband med jord- og skogbruksdrift. Etter verneforskrifta kap. 4 skal landskapsvernområdet vere verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.

I og med at det finst en del eksisterande hytter frå tida før bandlegging og vernevedtak, tek ein her med desse retningslinene.

- Med unnatak av i samband med jordbruk, skogbruk og utmarksnæring er det forbod mot oppføring og ombygging av bygningar og anlegg, sjå kap. 7.1.2 for nærare retningsliner.
- Drift og vedlikehald av eksisterande bygningar er lovleg. Normalt innvendig og utvendig vedlikehald som skifte av kledning, vindauge og anna, som ikkje fører til endring av storleik eller fasade er tillatte utan søknad. Alle formar for utviding og fasadeendring mv som berre er meldepliktige etter plan- og bygningslova er søknadspliktige i landskapsvernområdet.
- Dersom bygningar går tapt ved brann eller naturskade kan dei etter å ha blitt lagt fram for forvaltningsstyresmakta byggast opp att på nærare vilkår for storleik og materialbruk, plassering og utforming av bygningane.
- Når tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, kan forvaltningsstyresmakta på nærare vilkår gje løyve til mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar, dersom bruken ikkje vert endra. Det skal ikkje gjevast dispensasjon til å oppgradere uthus til fritidsbustad (bygging av eldstad).
- Kommunane kan gje estetiske retningsliner og forskrifter i tråd med Pbl. § 74-2 og forvaltningslova. Td kan Forvaltningsstyresmakta vurdere godkjenning av bruksendring av eksisterande bygningar under føresetnad av at fasade ikkje blir vesentlig endra (Utover oppføring av pipe/eldstad). Eventuell godkjenning av innsetting av vindauge må ikkje endre bygningen sin karakter å vere underordna bygningane sitt opphavslege preg.
- Alle byggetiltak bør tilpassast byggeskikken i lokalmiljøet med omsyn til takvinkel, taktekking, storleik, farge og fasade.
- Alle bygningar i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde bør ha ein mørk tradisjonell farge (grå/brun i mørke nyansar).
- Det kan ikkje krevjast spesifikke materialval etter Pbl. § 74-2, men ein vil likevel tilrå at det til utvendige veggjar vert bruka material av tre, enten som laftetømmer, ståande panel eller som kombinasjonar av desse. Uttak av torv lokalt til taktekking av

bygningar i Brattefjell-Vindeggen krev dispensasjon. Det presiserast at det berre er mogleg å gje dispensasjon for uttak av torv i samband med vedlikehald av bygningar.

- Gamle stulshusvære bør i hovudsak behaldast som dei er eller ein tilrår at dei tilbakeførast til tidlegare utsjånad. For opprustning av eksisterande stulsbygg må ein søke dispensasjon.
- Det kan gjevast løyve til restaurering av gamle steinbuer og oppatbygging av nedfalne bygningar når bygningane er naudsynte i samband med jord- og skogbruksdrift og tiltaket ikkje er i stri med verneføremålet. Planar om vesentlege endringar på bygningar eldre enn 1850, må det sendast kulturminneforvaltninga hos Telemark fylkeskommune til uttale, jfr Kulturminnelova § 25 anna ledd.

7.5 Informasjon

Grensemerke og opplysningsskilt er tidlegare sett opp rundt Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Informasjonstavler blei ved eit tidlegare prosjekt i 1994 sett opp på desse stadene:

Hjartdal: Reisjåbrekka (Vindsjåvegen), Stuverud (Kovavegen), Hogstul (Prestevegen),

Juvsmoen (Brevatnvegen), Århus bru (Skjesvatnvegen)

Seljord: Svartdal (Nørsteig), Fossheim (Heiåvegen), Skuldalen (Sandsetvegen)

Vinje: Rauland høgfjellshotell (Silkedalsløypa), Vierli

Tinn: Skinnarbu (Grasfjelløypa), Fjellstua (Gausdalsvegen).

- Nye informasjonstavlene i værbestandig materiale (impress plater) er nå utarbeida og klare til oppsett på dei same stadene.
- Det bør i tillegg settast opp informasjonstavler på Gaustaråen, Nord Bondal, Kvambekk, Angre, Veisvik og Rauland skisenter.
- Det bør utarbeidast ein informasjonsfolder om verneverdiar i området.

Etter søknad har DN allereie gjeve stønad til deilprosjekt om informasjon (sjå tabell 2).

Tabell 2: Tabellen visar naudsynte informasjonstiltak i Brattefjell-Vindeggen i perioden 2006-2012.

Tema:	Tiltak:	Kostnader:	Tidspunkt gjennomføring:	Ansvar for gjennomføring:	Finansieringsbehov:	Kommentar:
Info tavler	Produksjon og oppsett	30.000	1994	Kommunane	0	Gjennomført
Info tavler	Vedlikehald	40.000	2006-2007	Samarbeidsutvalet og kommunane	30.000 (2006)	Resten løyvd frå DN (2005)
Info tavler	Nyoppsett	30.000	2007	Samarbeidsutvalet og SNO	30.000 (2006)	Søknad DN (2006)
Info materiell	Ny produksjon	100.000	2005-2006	Samarbeidsutvalet og kommunane	100.000 (2005)	Løyvd frå DN (2004-2005)
Info folder	Ny produksjon	40.000	2006	Samarbeidsutvalet og kommunane	40.000 (2006)	Søknad DN (2006)
Kart	Ny produksjon	30.000	2006	Samarbeidsutvalet og kommunane	30.000 (2006)	Søknad DN (2006)

Behov for midlar frå DN til infotiltak i Brattefjell Vindeggen landskapsvernområde utover 2007 må ein kome attende til i planperioden.

7.6 Naturovervaking

For å kunne gjennomføre ei god forvaltning av Brattefjell-Vindeggen trengs god kunnskap om natur- og verneverdiane i området. Gjennom overvaking av rubrisert tema (tabell 3), vil ein få auka kunnskap om naudsynte forvaltningstiltak som trengs for å behalda verneverdiane innanfor området m.a. villreinstamma på ynskt nivå.

Tabell 3: Tabellen visar naudsynte tiltak for naturovervaking i Brattefjell-Vindeggen i perioden 2010-2014.

Tema:	Tiltak:	Kostnader:	Tidspunkt for gjennomføring:	Ansvar for gjennomføring:	Finansieringsbehov:	Kommentar:
Verneverdiar	Registrering	200.000	2010-2014	Kommunane	200.000	Auke kunnskapen om verneverdiane
Villrein	Kartlegge biologisk mangfald/områdebruk/trekk	300.000	2010-2014	Kommunane/SNO	300.000	Inventering ein gang i planperioden. Gjenntak
Villrein	Totalteljing	10.000	Februar 2010-2014	Villreinutval/nemnd	10.000	Bør utførast årleg
Villrein	Kalvetelling	5.000	Juni 2010-2014	Villreinutval/nemnd	5.000	Bør utførast årleg
Villrein	Struktur	10.000	Oktober 2010-2014	Villreinutval/nemnd	10.000	Bør utførast årleg
Villrein	Beitegransking	30.000	2010-2014	Villreinutval/nemnd	30.000	Bør utførast ein gong i planperioden
Villrein	Tannanalyse	10.000	2010-2014	Villreinutval/nemnd	10.000	Bør utførast ein gong i planperioden
Vassprøver	Ph-måling	?	2007-2010	Grunneiger-laga	?	Fjelllabb på Rjukan analysere prøvene
Vassprøver	Div. målingar	?	2007-2010	NIVA	?	NIVA analyserer prøvene



Bilete til venstre syner kalveteling i Brattefjell-Vindeggen. Bilete til høyre syner Gaustatoppen sett frå Grylun. Foto: Tor Lien

7.7 Skjøtselsplan

Etter verneforskriftas kap. 5 skal det utarbeidast nærare retningsliner for skjøtsel. Skjøtsel omfattar de tiltak som forvaltningstyresmaktene setter i verk for å ivareta området sine naturkvalitetar i samsvar med føremålet for vernet. Skjøtsel kan og vere reparasjon av skade i naturen som skuldast menneskeleg aktivitet og fjerning av forsøpling.

Målet fram til Forvaltningsplanen skal rullerast i 2014 er å kartlegge status og behovet for skjøtsel i Brattefjell-Vindeggen. Beste måte å gjere dette på er å få utarbeid skjøtselplanar for dei ulike eigedomane. For aktuelle tiltak sjå tabell 4.

Tabell 4: Tabellen visar aktuelle tema for kartlegging og skjøtsel i Brattefjell-Vindeggen i perioden 2010-2014.

Tema:	Tiltak:	Kostnad:	Tids-punkt for jennomføring:	Ansvar for gjennomføring:	Budsjett-behov:	Kommentar:
Kulturminne	Registrering	60.000	2010-2011	Grunneigarane/ Samarbeids-utvalet BV	60.000	Litteratursøk, intervju, feltarbeid (registrering/fotografering), rapport
Skjøtselsplanar	Utarbeiding Gjennomføring	700.000*	2010-2014	Grunneigarane/ Samarbeids-utvalet BV	700.000*	Midlar frå SNO/FM, kommunane og grunneigarane
Kulturlandskap	Rydding	?	2010-2014	Grunneigarane/ Samarbeids-utvalet BV	?	
Jakt	DriftsPlaner	?	2010-2014	Grunneigarane/ Samarbeids-utvalet BV	?	Kommunale viltfonds-midlar
Fiske	Driftsplaner	?	2010-2014	Grunneigarane/ Samarbeids-utvalet BV	?	Offentlege fiskestells-midlar
Stigar/løyper	Planlegging, rydding og merking	?	2010-2014	Grunneigarane/ idretts- og turlag	?	Midlar frå MD tilrettelegging for friluftsliv
Merking/Informasjon	Merking og vedlike-hald	?	2010-2014	Grunneigarane/ idretts- og turlag /SNO	?	Alle kostnadar må dekkast av DN/SNO

* For kostnader ved utarbeiding av skjøtselsplanar og oppstart av skjøtsel er det lagt til grunn at i den fyrste planperioden (4 år) skal dei eigedomane og grunneigarane i Brattefjell-Vindeggen som visar størst interesse, få utarbeidd skjøtselsplanar først. Samla innanfor Brattefjell-Vindeggen finst ca 300 eigedomar. Det må etablerast ein søknadsordning for dette med tildeling etter nærare retningsliner.

7.8 Oppsyn

For å sjå til at føremålet med vernet blir teke vare på er det viktig at det vert ført tilsyn med både verneverdiane og at den menneskelege aktiviteten går føre seg i tråd med verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

7.8.1 Rollefordeling

Politiet har det overordna ansvaret for oppsynet med at lovar og forskrifter vert overhalde. SNO har teke på seg naturoppsynet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde. Grunneigarane fører oppsyn med at privatrettslege avtaler og grenser vert respektert.

7.8.2 Oppsynsfrekvens

Oppsynsfrekvensen skal til ein kvar tid dimensjonerast og tilpassast behovet i området, det vil sei at det intensiverast under villreinjakta, i påska og i kalvings- og hekketid. Rapport/melding om brot på verneforskrifta skal sendast Politiet, Fylkesmannen og DN.

7.8.3 Statens naturoppsyn

SNO vart etablert med heimel i lov om statleg naturoppsyn av 21. juni 1996. SNO har eit særleg ansvar for oppsyn med nasjonale miljøverdiar og forebygging av miljøkriminalitet. Etter lova er hovudoppgåvene informasjon, rettleiing og kontroll. Det skal førast kontroll med at bestemmelsane gitt i, eller i medhald av, naturvernlova, friluftsløva, lakse- og innlandsfiske-lova, viltlova, motorferdsellova, kulturminnelova og deler av forurensningslova blir haldne. I tillegg til desse oppgåvene kan naturoppsynet drive skjøtsel, registrering og dokumentasjon. Skjøtsels- og tilretteleggingstiltak i verneområda skal avklarast nærare og avtalast gjennom bestillingar mellom forvaltningsstyresmakta og SNO. Miljøverndepartementet kan pålegge oppsynet andre oppgåver.

Verksemda til SNO er basert på eigne oppsynsstillingar i kombinasjon med kjøp av tenester og samarbeid med andre oppsynsordningar lokalt og regionalt. I indre del av Telemark gjeld dette spesielt Hardangervidda fjelloppsyn og politiet. Særleg er samordning med politiet viktig når det gjeld oppgåver knytte til kontroll. Oppsyn som er tildelt avgrensa politimynde er ved direkte utøving av dette myndet underlagt lokalt politi.

Naturoppsynet i Brattefjell-Vindeggen

SNO har 2 naturoppsynsstillingar i Tinn kommune primært knytt til Hardangervidda nasjonalpark. Stillingane har pr i dag kontor plass på Skinnarbu. Det vil vere naturleg å leggje ansvaret for koordineringa av naturoppsynet i Brattefjell-Vindeggen til ei av desse stillingane, eller til ei eventuell SNO stilling ved Kulturlandskapsenteret i Hjartdal.

SNO vil stå for nødvendig tenestekjøp i tillegg til eigen feltinnsats avhengig av kapasitet. Tenestekjøp vil ein primært gjere lokalt, med den føresetnad at rett kompetanse er tilgjengeleg. SNO vil og kunne gjennomføre tiltak som følge av bestillingsdialogen med forvaltningsstyresmakta. I ein ny modell med lokal forvaltning er det viktig å finne gode samarbeidsrutinar mellom forvaltningsstyresmakta for Brattefjell-Vindeggen og naturoppsynet. Oppsynsoppgåver knytt til t.d. villrein eller rovvilt vil bli utført etter pålegg/anmodning frå dei respektive forvaltningsansvarlege.

Hovudoppgåvene for naturoppsynet i Brattefjell-Vindeggen:

- gje informasjon og rettleiing til brukarar og dei som vitjar området
- halde oversikt over utviklingstendensar i området
- halde oppsyn/oversikt med status på natur- og kulturverdiane i området, med særleg vekt på sårbare og truga artar
- kontrollere, rapportere og reagere på brot på verneforskriftene og anna lov-/regelverk
- ha god kontakt med og gje faglege innspel til forvaltningsstyresmakta
- følgje opp vilkår gjeve av forvaltningsstyresmakta i samband med dispensasjonar
- utføre eller sjå til at skjøtseltiltak blir utført etter fastsett plan/vedtak

7.9 Sakshandsaming

Alle 4 Brattefjell-Vindeggen kommunar har forvaltningsmynde i landskapsvernområdet jfr. Skriv frå DN dagsett 14.06.2004 – sjå vedlegg.

- Den einstilte sak blir handsama på vanleg måte i den einstilte kommune (administrativt og politisk).
- Dispensasjonssaker av prinsipiell karakter bør diskuterast i Samarbeidsutvalet for å få til ein best mogleg einstilt handsaming.
- Forvaltningsstyresmakta har mynde til å treffe vedtak om dispensasjon etter verneforskrifta. Denne forskrifta har eigne dispensasjonsføresegner som set rammer for kva slag dispensasjonar som kan gjevast.
- Det skal framgå av vedtaket korleis ein søknad er vurdert i høve Forvaltningsplanen sine retningsliner og verneforskrifta.
- Kopi av vedtak i dispensasjonssaker skal umiddelbart etter at dei er fatta sendast til DN og FM i Telemark.
- DN er klageinstans for vedtak som blir gjort av kommunane som forvaltningsstyringsmakt.

Retningsliner for forvaltning av verneforskrifta finn ein i ”Rundskriv november 2001-revidert utgåve, Naturmangfaldlova” og i ”Handbok om forvaltning av verneområde - DN-handbok 17-2001 under revisjon.

7.10 Rullering av Forvaltningsplan

Framlegg til rullert forvaltningsplan for perioden 2015-2019 skal utarbeidast hausten 2014.

7.11 Rapportering

Kommunane skal kvart år utarbeide samla rapport for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde etter utarbeidd mal.

Følgjande format skal brukast på rapporten for Brattefjell-Vindeggen:

Årsrapport for _____ Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde		
Tema	Endring eller relevante hendingar i løpet av året	Merknad
Naturtilstand		
Inngrep		
Bruk		
Overvaking		
Skjøtsel		
Oppsyn		
Samarbeidsutvalet		
Andre hendingar		
Regnskap	Inntekter:	
	Utgifter:	
	Overskot/underskot:	
Rapporten er utarbeida av:	Sign:	Stad og dato:

8 Litteratur

- Andersen, R. & Hustad, H. (red.) 2004.** Villrein & Samfunn. En veiledning til bevaring og bruk av Europas siste villreinfjell. – NINA Temahefte 27. 77s.
- Direktoratet for naturforvaltning. 1993.** Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv. DN-håndbok 1993-3.
- Direktoratet for naturforvaltning. 2001.** DN-Håndbok 17-2001, Områdevern og forvaltning
- Direktoratet for naturforvaltning. 2003.** Forvaltningsplan for Hardangervidda nasjonalpark med landskapsvernområder.
- Eriksen, J. E. 1994.** Botaniske registreringer i Brattefjell Vindeggen. Fylkesmannens Miljøvernavdeling i Telemark.
- Gaare, E. & Skogland, T. 1975.** Wild reindeer food habits and range use at Hardangervidda. – I: Fenoscandian Tundra Ecosystems. IBP ecological studies 17, Springer Verlag, Berlin, s. 195-210.
- Gaare, E. & Hansson, G. 1990.** Villreinbeiter i BV, Telemark, NINA Oppdragsmelding 27: 1-16.
- Kolle, K. 1985.** Prosentvis fordeling av villreins tidsforbruk på ulike aktiviteter før og under jakt. TDH.
- Nordby, H. 1995.** Svartdalsheiane og Måråstaddalen. Registrering av stølsanlegg i to dalfører i Brattefjell Vindeggen området i Telemark. Fylkesmannens Miljøvernavdeling i Telemark.
- Skogland 1978.** Characteristics of the snow cover and its relationship to wild mountain reindeer feeding strategies. – Arctic and Alpine Research 10:569-580.
- Skogland 1988.** Tooth wear by food limitation and its life history consequences in wild reideer. – Oikos 51:238-242.
- Skogland, T. 1990.** Villreins tilpasning til naturgrunnet. NINA forskningsrapport nr.10.
- Stortingsproposisjon nr. 65 (2002-2003)** Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2003.
- Stortingsmelding nr. 21 (2004-2005)** Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- Trae, S. V. et al. 1993.** Biotopfragmentering- konsekvenser for villreinstamma i Brattefjell Vindeggen. NLH
- Trae, S. V. 1994.** Samarbeid om naturforvaltninga. Rapport nr. 3. Samarbeidsforum Brattefjell Vindeggen.
- Trae, S. V. 1994.** Brattefjell Vindeggen: Fragmentering- en trussel for villreinen? Årbok for villreinerådet i Noreg.
- Trae, S. V. 1996.** Brattefjell Vindeggen villreinområde. Konsekvenser av inngrep og forstyrning i villreins leveområde. 61 s. HiT

9 Vedlegg

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- FOR 1996-12-30 nr 1415: Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare områder i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark”.
- Delegasjonsbrev frå Direktoratet for naturforvaltning dagsett 14.06.2004.
- Brev frå Miljøverndepartementet datert 26.08.2010 med vedtak om etablering av verneområdestyre for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Kart

- Kart; Brattefjell Vindeggen landskapsvernområde. Hjartdal, Seljord, Tinn og Vinje kommunar i Telemark fylke. Miljøverndepartementet, desember 2000/Revidert utg. 2005.*
- Temakart soneinndeling: Syner soneinndeling av landskapsvernområde. Hjartdal kommune 07.01.2010.**
- Temakart motorferdsel og villrein: Syner trasear som kan nyttast til uttransport av felt elg og Hjort, aktuelle trasear for bruk av snøscooter og merka/oppkjørte skiløyper. Av kartet framgår og soner med begrensing i motorisera ferdsle i medhald av FOR 1996-12-30 nr 1415. Hjartdal kommune 07.01.2010.**
- Temakart bygningar: Visar eksisterande bygningar innanfor Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde. Hjartdal kommune 07.01.2010.**
- Temakart stiar og løypar: Visar eksisterande merka stiar og merka/oppkjørte skiløyper innanfor Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde. Hjartdal kommune 07.01.2010.**

Det presiserast at temakarta er retningsgivande. Umerka reksteveggar, -stiar og –skiløyper, samt avstikkarar til hytter mv er ikkje teikna inn på temakarta.

* Vernekartet/Revidert utg. 2005 er ikkje vedlagt.

** Vernegrensa på dei 4 temakarta er ikkje korrigera for endringa frå 2005. Endringa gjeld eit lite område sørvest for Flottin fuglefredningsområde. Her blei vernegrensa endra i samband med utbygging av eit minikraftverk. For rett vernegrense visast det til vernekart, revidert utg. 2005.

Forskrift om vern av Brattefjell-Vindeggen som landskapsvernområde med dyrelivsfreding, Hjartdal, Seljord, Tinn og Vinje kommunar, Telemark.

Fastsett ved kgl.res. 15. desember 2000 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5, jf. § 6, jf. § 6, § 7, § 14, § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet. Endret 30 juli 2003 nr. 1022.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern, § 5 jf. § 6, § 7, § 14, § 21, § 22 og § 23, er eit område i Hjartdal, Seljord, Tinn og Vinje kommunar i Telemark fylke verna ved kgl.res. av 15. desember 2000 som landskapsvernområde med dyrelivsfreding under namnet Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde. Forskriften er endret ved Direktoratet for naturforvaltning sitt vedtak 30. juli 2003.

0 Endret ved forskrift 30 juli 2003 nr. 1022.

II Avgrensing

Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde ligg i kommunane Hjartdal, Seljord, Tinn og Vinje i Telemark fylke. Det samla arealet er 381,9 km² og omfattar følgjande gnr./bnr.:

Hjartdal kommune: 2/1, 2/2, 2/3, 3/1, 3/4, 4/1, 4/2, 5/1, 5/2, 6/1, 6/2, 6/3, 6/5, 6/7, 7/1, 7/2, 7/3, 7/6, 8/1, 8/2, 9/1, 9/2, 10/3, 10/4, 10/5, 10/6, 10/7, 10/8, 11/1, 11/2, 11/3, 11/5, 12/2, 12/3, 13/1, 13/2, 14/1, 14/2, 15/1, 15/2, 16/1, 16/2, 17/1, 17/2, 18/1, 19/2, 19/6, 19/9, 19/13, 19/14, 20/2, 20/4, 20/6, 21/1, 21/2, 21/5, 21/6, 21/7, 21/10, 21/17, 21/22, 22/1, 22/6, 23/4, 23/5, 23/6, 23/11, 24/1, 24/6, 24/7, 24/9, 25/1, 25/2, 25/5, 25/6, 27/1, 27/8, 28/2, 28/5, 28/7, 28/11, 29/1, 29/4, 29/6, 29/11, 30/4, 30/5, 30/6, 33/3, 33/6, 34/2, 34/3, 35/2, 36/1, 36/5, 36/6, 37/2, 37/4, 40/1, 44/1, 45/1, 46/4, 46/5, 46/7, 47/5, 50/1, 50/2, 52/3, 52/10, 53/1, 53/7, 53/10, 59/1, 62/4, 66/1, 83/4, 83/7, 83/8, 89/7, 98/2, 104/1, 104/2, 104/3, 104/4, 105/1, 106/1, 106/2, 106/3, 106/4, 107/1, 107/2, 107/3, 107/4, 107/5, 110/2, 110/3, 110/4, 110/5, 110/7, 110/9, 110/12, 110/20, 110/21, 111/1, 111/2, 111/4, 111/5, 111/15, 112/1, 112/2, 112/3, 112/5, 112/7, 113/1, 113/4, 114/1, 114/2, 115/1, 115/2, 115/3, 115/4, 115/5, 115/10, 115/11, 115/15, 116/1, 116/2, 116/4, 116/6, 117/1, 119/1.

Seljord kommune: 73/5, 73/7, 73/8, 73/11, 78/1, 79/7, 79/11, 79/12, 81/2, 81/4, 81/5, 82/5, 82/8, 82/9, 82/10, 82/12, 84/1, 84/3, 84/10, 85/3, 87/6, 87/9, 87/14, 89/3, 90/1, 90/2, 90/3, 92/5, 92/8, 100/1, 100/2, 100/15, 100/16, 100/19, 100/20, 100/24, 102/2, 102/3, 102/4, 102/7, 115/2, 116/2, 118/1, 118/4, 120/1, 120/2, 120/3, 120/5, 121/1, 123/1, 123/9, 124/1, 124/3, 124/4, 127/4, 128/1, 128/2, 128/3, 128/4, 128/9, 128/10, 136/2, 136/4, 137/3, 137/4, 137/11, 137/12, 138/1, 138/4, 138/5, 138/6, 138/7, 138/8, 138/12, 139/1, 140/1, 140/2, 140/3, 140/4, 140/5, 141/1, 141/2, 142/1, 142/2, 142/3, 142/5, 143/1, 143/2, 143/3, 143/4, 143/5, 143/18, 143/19, 144/1, 144/2, 144/3.

Tinn kommune: 127/2, 127/3, 127/7, 127/11, 127/29, 128/57, 128/103, 128/107, 129/2, 129/6, 129/10, 130/5, 130/8, 130/9, 130/15.

Vinje kommune: 151/8, 151/10, 152/2, 153/2, 153/17, 154/3, 154/4, 154/9, 154/16, 155/3, 156/1, 156/2, 156/9, 156/10, 156/11, 157/1, 157/3.

Grensene for landskapsvernområdet fremgår av kart i målestokk 1:50.000, merket Direktoratet for naturforvaltning juli 2003.

Kartet og verneforskrifta skal oppbevarast i Miljøverndepartementet, i Direktoratet for naturforvaltning, hos Fylkesmannen i Telemark og i Hjartdal, Seljord, Tinn og Vinje kommunar. Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal merkast av i marka og knekkpunkta bør koordinatfestast.

0 Endret ved forskrift 30 juli 2003 nr. 1022.

III Føremål

Føremålet med landskapsvernområdet er:

- å ta vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogsområde
- å ta vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv
- å ta vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne

IV Vernereglar

1. *Området skal vere verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.*
- 1.1 Med dei unntak som fylgjer av forskrifta pkt. 2 og 3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, uttak eller oppfylling av masse, uttak av torv, bergverksdrift og andre inngrep i grunnen, bygging av kraft- og telefonleidningar, damanlegg, taugbaner og skitrekkt, opplag av campingvogner, grøfting, planting, skifte av treslag, nydyrking, oppføring og ombygging av bygningar og anlegg, skilting, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking, bruk av kjemiske middel og utslepp av forureining av alle slag. Opplistinga er ikkje uttømmende.
Det er fylkesmannen som i tvilstilfelle avgjer om eit tiltak vesentleg vil endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.
- 1.2 For skjøtsel og drift av skogen i området gjeld retningslinene for forvaltning av verneskogen i Telemark. Planting og tekniske inngrep i samband med skogsdrifta, til dømes bygging av skogs- og traktorvegar, krev likevel godkjenning av forvaltningsstyresmakta.
- 1.3 Lågtflyging under 300 m er forbode.
- 1.4 Motorferdsel skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta. All motorferdsel skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmande markskader, hjulspor o.l.
- 1.5 Innafor nærare avgrensa delar av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift forby all slags ferdsel heile året eller ein del av året når ein reknar det naudsynt for å bevare plante- eller dyrelivet eller geologiske forekomstar. Regelen gjeld ikkje for ferdsel i samband med verksemd som er nemnd i pkt. 2.5.
2. *Reglane i punkt 1 skal ikkje vere til hinder for:*
 - 2.1 beiting og drift av eksisterande setervollar, utslåttar og dyrka jord. Dette omfattar rydding, kalking og gjødsling i samsvar med gjødslingsplan, som er godkjent av forvaltningsstyresmakta.
 - 2.2 drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar og anlegg. Dette gjeld og fornying av anlegg for overføring av kraft, herunder rydding i og langs trasé, oppgradering av kraftleidningar for heving av spenningsnivå, auke av linetversnitt, nye master m.v. når dette ikkje i vesentleg grad vil vere til skade for verneformålet.
 - 2.3 oppføring av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade. Slike saker skal leggjast fram for forvaltningsstyresmakta, som kan setja vilkår for storleik og materialbruk, plassering og utforming av bygningane.
 - 2.4 jakt og fiske etter dei lovar og reglar som til ei kvar tid gjeld.
 - 2.5 gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings-, oppsyns-, skjøtelses- og forvaltningsverksemd.
3. *Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, kan forvaltningsstyresmakta på nærare vilkår gje løyve til:*
 - 3.1 tiltak i samband med jord- og skogbruk, så som oppføring av bygningar o.l.
 - 3.2 mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar i området.
 - 3.3 anlegg av veg i samband med landbruksverksemd eller eksisterande kraftanlegg, dersom frakt på vinterføre eller bruk av helikopter ikkje er mogleg.
 - 3.4 opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.
 - 3.5 kalking av vatn og vassdrag i samsvar med kalkingsplan godkjent av forvaltningsstyresmakta.

V Forvaltningsplan

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta peikar ut, kan setje i verk tiltak for å fremje føremålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon mv.

VI Generelle unntak

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for tiltak av vesentleg verdi for samfunnet og eller i spesielle høve når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

VII Forvaltningsstyresmakt

Forvaltninga av denne forskrifta vert lagt til den Direktoratet for naturforvaltning bestemmer.

VIII Samarbeidsutval

Det kan opprettast eit samarbeidsutval for området med representantar for lokale interesser.

IX Ikrafttreding

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Samstundes blir forskrift av 8. januar 1998 nr. 44 om midlertidig vern av Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde, Hjartdal og Seljord kommunar, Telemark oppheva.

Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare områder i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark.

Fastsett av fylkesmannen i Telemark 30. desember 1996 med heimel i forskrift av 15. mai 1988 nr. 356 om bruk av motorkøyretøy i utmark og på vassdrag, § 2 tredje ledd, jf. § 3 siste ledd.

1. Kalvingsområdet

All motorferdsel innafør eit område i Svafjell, Brattefjell, samt Rjupefjell og Blåfjell/Lekkjenuten avmerka på kart 1:50000, datert november 1996, er forbode i tida frå 1. april til 1. juli. Hytteeigarar innafør området kan gjevast dispensasjon for inntil 2 turar til eiga hytte før 1. april.

2. Vinterbeiteområdet

All motorferdsel innafør eit område i Vindeggen, Mefjell, Langvasstødalen, Månelibrotet og Ørmenuten avmerka på kart 1:50000, datert november 1996, er forbode i tida frå 15. april til 1. juli. Hytteeigarar innafør området kan gjevast dispensasjon for inntil 3 turar til eiga hytte i tida før 15. april.

3. Villreinområdet

All motorferdsel innafør villreinområdet, definert som det kvite på N 50 kart 1:50000, er forbode i tida frå 15. april - 1. juli. Hytteeigarar innafør området kan gjevast dispensasjon for inntil 4 turar til eiga hytte i tida før 15. april.

Turistnæringa har høve til å preparere skiløyper etter godkjente traseer i Svinefjellområdet og Grasfjell fram til 15. april. Fylkesmannen kan for einiskilde år fastsette at forbodstida (15. april) under pkt. 2 og 3 byrjar seinare.

Avgrensinga av antal turar til eiga hytte gjeld også i det høve det blir nytta fastbuande som har køyreløve etter § 5a i den nasjonale føresegna.

Kommunane Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kan innafør sine egne kommunegrenser gje dispensasjon i medhald av desse føresegnene og § 7 i den nasjonale føresegna.

Desse forboda gjeld ikkje slike verksemder som nemnt i § 4, 1. ledd i motorferdsellova. Denne føresegna tek til å gjelde straks.

Kart, datert desember 1996, med grenseskildding av områda, kan ein få ved å vende seg til miljøvernavdelinga hos fylkesmannen i Telemark eller til kommunane.



Jnr. 2001/001292

Vinje kommune
Tinn kommune
Hjartdal kommune
Seljord kommune

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
02/3638 AREA-NP-AH
Arkivkode:
422.0/011.0

Dato:
14.06.2004

Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde - delegering av forvaltningsmyndighet.

Vi viser til tidligere korrespondanse om delegering av forvaltningsmyndighet for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Kommunene som er berørt av vernevedtaket for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde ble ved direktoratets brev av 26.07.01 tilbudt delegert forvaltningsmyndighet for hele verneområdet. Det har i det etterfølgende vært en del korrespondanse med Vinje kommune om økonomiske vilkår og forbehold i forbindelse med et eventuelt delegasjonsvedtak.

Vinje kommune har nå ved brev av 08.03.04 akseptert at det ikke kan tas forbehold om å få tilført statlige midler til forvaltning av området. Direktoratet for naturforvaltning legger med dette til grunn at samtlige kommuner nå har akseptert direktoratets vilkår for delegering.

Delegering av forvaltningsmyndighet

Med hjemmel i Miljøverndepartementets brev av 25.06.98, jfr. kgl. res. av 25. oktober 1996, har Direktoratet for naturforvaltning i dag truffet vedtak om at kommunene Vinje, Tinn, Hjartdal og Seljord (innenfor den enkelte kommune) får delegert forvaltningsmyndighet for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Ikrafttredelse settes til **1. oktober 2004**. Delegeringen inngår som forsøk i direktoratets arbeid med lokal forvaltning av verneområder. Forvaltningen av verneområdet vil derfor bli evaluert på linje med andre lokale forsøksordninger.

Vi ber kommunene ta kontakt med fylkesmennene for å avtale nødvendig utveksling av arkivmateriale, informasjonsmateriell ev. annet som kan være til hjelp i forvaltningen. Fylkesmennene vil orientere grunneiere, rettighetshavere, berørte lag og organisasjoner om direktoratets vedtak.

Besøksadresse: Tungasletta 2	Telefon: 73 58 05 00	Videokonf: 73 90 51 40	Internett: www.dimat.no	Saksbehandler: Arnt Hegstad
Postadresse: N-7485 Trondheim	Telefaks: 73 58 05 01		E-post: Postmottak@dimat.no	Telefon: 73 58 08 25

Forvaltningsmyndighet for verneområdene delegeres under følgende forutsetninger:

- Verneområder som er opprettet i medhold av naturvernloven har nasjonale verneinteresser og skal forvaltes i samsvar med verneformålet og statlige retningslinjer for forvaltning av verneområder.
- Direktoratet for naturforvaltning kan trekke vedtaket om delegering tilbake. Kommunene kan si fra seg ansvaret som forvaltningsmyndighet.
- Kommunene kan ikke overføre/delegere avgjørelsesmyndighet etter forskriftene til andre instanser eller organisasjoner.
- Direktoratet for naturforvaltning kan gi nærmere retningslinjer om utøvelse av forvaltningsmyndighet, herunder organisering og utøvelse av oppsynsvirksomhet.
- Kommunene skal ha nødvendig kompetanse innen naturforvaltning og kapasitet til å utføre en forsvarlig saksbehandling.
- Kommunene kan be fylkesmannen om faglige råd og veiledning i forvaltningen.
- Kommunene kan søke om økonomiske midler til forvaltning av nasjonalparken innenfor de rammer som hvert år blir fastsatt av Stortinget.

Forvaltningsmyndighetens oppgaver og kompetanse;

Myndighetsutøvelse

Forvaltningsmyndigheten har ansvar for forvaltningen av verneregler fastsatt i verneforskriften. Myndigheten er begrenset til den rådighet som er direkte hjemlet i forskriften.

Forvaltningsplan

Forvaltningsmyndigheten kan utarbeide et utkast til forvaltningsplan for verneområdet. Forvaltningsplanen skal godkjennes av Direktoratet for naturforvaltning.

Skjøtsel og tilrettelegging

Som forvaltningsmyndighet skal kommunene vurdere behov og nødvendig gjennomføring av skjøtsel og tilrettelegging. Plan for skjøtsel og eventuell tilrettelegging bør inngå i en godkjent forvaltningsplan.

Dispensasjon fra verneforskriften

Forvaltningsmyndigheten har myndighet til å treffe vedtak om dispensasjon i henhold til verneforskriftene. Forskriftene har egne dispensasjonsbestemmelser som setter rammer for hvilke dispensasjoner som kan gis. Kopi av alle vedtak som treffes skal sendes til fylkesmannen og Direktoratet for naturforvaltning. Direktoratet for naturforvaltning er klageinstans for vedtak som treffes av kommunene som forvaltningsmyndighet.

Merking og informasjon

Forvaltningsmyndigheten har ansvar for nødvendig merking og vedlikehold av merking i verneområdene. Som forvaltningsmyndighet skal kommunene vurdere behovet for særskilte

informasjonstiltak. Kommunene har også ansvar for kontakt med grunneiere, rettighetshavere, brukere, aktuelle lag og organisasjoner mv.

Brudd på verneforskriften

Forvaltningsmyndigheten skal påse at brudd på bestemmelser i verneforskriften blir rapportert/anmeldt til politiet. Gjenpart av rapport/anmeldelse skal sendes til fylkesmannen og Direktoratet for naturforvaltning.

Rapportering om forvaltning


Forvaltningsmyndigheten har ansvar for å rapportere om forvaltningen til fylkesmennene. Kommunene må avtale med fylkesmennene hvordan og hvor ofte slik rapportering skal skje. Dersom forutsetningene for delegering av forvaltningsmyndighet endres vesentlig, plikter kommunene å informere fylkesmannen.

Særlig om naturoppsyn

Det skal som hovedregel være en oppsynsordning for alle verneområder. Kommunen skal så langt råd er søke fellesløsninger med etablerte oppsynsordninger gjennom Statens naturoppsyn (SNO). Omfang og behov skal drøftes med fylkesmannen som vil samrå seg med SNO. Statens naturoppsyn vil gi generelle retningslinjer for oppsynsviksomhetens innhold og faglige kvalitet.

I områder der SNO er etablert med lokalkontor og hvor verneområdet ligger i geografisk nærhet til hovedarbeidsområdet, kan SNO påta seg naturoppsynet. Naturoppsyn (herunder skjøtselsarbeid) som blir utført av SNO, eller oppsynsordninger som er kontraktsmessig knyttet til SNO, vil være gratis for kommunen.

Med hilsen



Berit Lein
Direktør arealavdelingen



Olav Nord-Varhaug

Gjenpart: Fylkesmannen i Telemark

Vedlegg: DN håndbok nr 17/2001



DET KONGELIGE
MILJØVERNDEPARTEMENT

Statsråden

HJARTDAL KOMMUNE	
Saksnummer	10/821
Saksnummer	10/4298
27.08.2010	
Ark.kode	K/2
Saksstift	#4 OT, AB RS, HH

Likelydande brev til:

Kommunane Hjartdal, Seljord, Tinn og Vinje
Fylkeskommunen i Telemark
Fylkesmannen i Telemark

Deres ref

Vår ref
200904233

Dato 26 AUG 2010

Etablering av verneområdestyre for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde i Telemark fylke

Eg syner til tilbakemelding frå Hjartdal kommune 03.02.2010, Seljord kommune 19.02.2010, Tinn kommune 09.02.2010 og frå Vinje kommune 16.02.2010 på min invitasjon av 14.12.2009 om å delta i lokal forvaltning av Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Følgjande verneområde inngår i verneplanen:

- Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde med dyrelivsfreding i kommunane Hjartdal, Seljord, Tinn og Vinje

Oppnemning av verneområdestyre

Kommunane Hjartdal, Seljord, Tinn og Vinje oppfyller kriteria for å ha forvaltningsmynde for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde med dyrelivsfreding gjennom eit politisk samansett interkommunalt verneområdestyre.

Eg har på bakgrunn av dette avgjort at det skal etablerast eit verneområdestyre for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde. Kvar kommune skal vere representert med ein medlem og innstiller ei kvinne og ein mann kvar blant kommunestyret sine medlemmar. Primært bør ordføraren vere representert. Fylkeskommunen skal vere representert med ein medlem frå fylkestinget, og innstiller ei kvinne og ein mann blant fylkestinget sine medlemmar.

Eg ber kommunane og fylkeskommunen om å fremme forslag på medlemmar med vararepresentantar til styret. Vinje kommune har alt oppnemnd representant til styret, men må og oppnemne vararepresentant. Forslaga vert sendt til Miljøverndepartementet og med kopi til fylkesmannen i Telemark så snart som råd, og seinast innan 01.10.2010 oktober. Det er ein føresetnad at krava til kjønnsfordeling, jf likestillingslova § 21, vert lagt til grunn.

Miljøverndepartementet vil på bakgrunn av innspel frå kommunane og fylkeskommunen etablere styret og oppnemne medlemmar til styret.

Konstituering av verneområdestyret og delegasjon av mynde

Fylkesmannen i Telemark vil snart som mogleg etter at styret er etablert, innkalle til det første konstituerande møtet i verneområdestyret. Styret vel då sin leiar og eventuelt nestleiar.

Mynde for verneområdet vil verta delegert til styret frå den dagen det vert konstituert. Departementet ber om at konstituering skjer så snart som mogleg og seinast i løpet av hausten 2010.

Vedtektene for verneområdestyret

Vedlagt følgjer vedtektene for verneområdestyret kor styret sin mynde og oppgåver kjem fram. Miljøverndepartementet viser til at verneområdestyret får ansvaret med å forvalte viktige nasjonale og internasjonale naturverdiar. Dette inneber at styret i sine avgjerder må legge til grunn at dei forvaltar området på vegne av nasjonen. Styret skal difor sørge for at dei nasjonale verneverdiane vert tekne vare på som føresett gjennom opprettinga av dei ulike verneområda.

Departementet har følgjande kommentarar til einskilde av punkta i vedtektene:

Pkt 4 Oppretting av arbeidsutval

Forvaltninga skal skje så effektivt og smidig som mogleg. Styret kan difor vurdere om det eventuelt er tenleg å oppretta eit mindre arbeidsutval. Vedtak som vert fatta av arbeidsutvalet må skje innanfor ramma av overordna prinsipp fastlagt av styret som heilskap og som ligger innanfor rammene av naturmangfaldlova og gjeldande verneføresegner.

Pkt 6. Verneområdestyret sitt sekretariat

Miljøverndepartementet utarbeider no retningslinjer for prosessen knytt til tilsetting av forvaltarane, der mellom anna verneområdestyret sin rolle i samband med tilsettinga vert omtala. Det vert og utarbeida ei omtale av stillinga for verneområdeforvaltaren. Inntil forvaltar kan tilsetjast, skal fylkesmannen i Telemark ha sekretariatsansvaret for verneområdestyret. Miljøverndepartementet vil kome attende til tidspunktet for utlysing av stillinga som områdeforvaltar.

Pkt 9 Fagleg rådgjevande utval

Fordi forvaltninga krev samhandling mellom mange aktørar skal det verta oppnemnd eit fagleg rådgjevande utval som representerer ymse brukarinteresser i områda. Fylkesmannen kan hjelpe styret med å vurdere kva for interesser som bør være representert i dette utvalet.

Etablering av forvaltningsknutepunkt

I mitt brev av 14.12.2009 skrev eg at departementet ville fatte sin avgjerd om lokalisering av forvaltningsknutepunkt mellom anna på bakgrunn av innspel frå styret.

I tilbakemeldingane frå kommunane syner alle til at ein verneområdeforvaltar bør være knytt til Norsk Villreinsenter Sør, Skinnarbu. Dersom styret eventuelt meiner at forvaltaren sin faste kontorplassering bør vere ein annan stad enn på Norsk Villreinsenter sør, Skinnarbu, vil departementet drøfte dette nærare med styret før departementet slår fast kor knutepunktet skal etablerast.

Føresetnader som må liggje til grunn når knutepunkt skal etablerast er mellom anna at det kan utviklast eit godt fagmiljø, at det må ha ei eigna geografisk plassering i høve til verneområdet og at det må ha eigna kontorfasilitetar. Som det og kjem fram i brev av 12.03.2010 vil departementet primært prioritere etablering av knutepunkt der ein kjem fram til lokal semje.

Verneområdestyret og fylkesmannen i Telemark bør ha ein nærare dialog om det kan vere tenleg om forvaltaren i ein overgangsperiode har kontorplassering hjå fylkesmannen, slik at ein vert sikra best mogleg kompetanseoppbygging i ein oppstartfase.

Opplæring og dialog


Det vil i løpet av hausten 2010, eventuelt tidleg 2011 verta arrangert ei samling for styra og for dei forvaltarane som har kome på plass. Deretter vil det bli lagt opp til årlege konferansar for nasjonalpark-/verneområdestyrene. Departementet vil kome nærare attende til dette.

Finansiering

Finansiering av den nye forvaltningsmodellen vil som det kjem fram av Miljøverndepartementet budsjettproposisjon (Prop. 1 S (2009-2010)), skje gjennom løyvingar over kapittel 1427, postane 01 og 21. Direktoratet for naturforvaltning vil som følge av dette stille til disposisjon for styret midlar til dekning av driftskostnader over kap 1427 post 21. Midlar til forvaltning og skjøtsel av verneområda vil som tidlegare verta løyvd over kap 1426. Departementet vil og vise til bestillingsdialogen som skal etablerast mellom styret og Statens naturoppsyn.

Eg ønskjer alle lukke til med arbeidet!

Med hilsen



Erik Solheim

Kopi:

Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet

Kommunal- og regionaldepartementet

Landbruks- og matdepartementet

Direktoratet for naturforvaltning

Kommunens sentralforbund

Utmarkskommunes sammenslutning

Vedtekter for verneområdestyret for landskapsvernområdet Brattefjell-Vindeggen i Telemark fylke

Departementet har med heimel i naturmangfaldlova § 62 anna ledd og tredje punktum, jf kongeleg resolusjon av 4. juni 2010 fastsett følgjande vedtekter for verneområdestyret:

1. VEDTEKTENES FØREMÅL

Føremålet med desse vedtektene er å leggje til rette for ein heilskapleg og kunnskapsbasert forvaltning av landskapsvernområdet Brattefjell-Vindeggen med dyrelivsfreding.

Vedtektene skal sørge for at verneområdestyret skal kunne oppfylle føremålet med vernet i tråd med nasjonale mål og internasjonale forpliktingar.

2. STYRET SIN MYNDE

Dette verneområdet skal forvaltast av eit verneområdestyre, jf naturmangfaldlova § 62 anna ledd tredje punktum, innanfor rammene av naturmangfaldlova, inkludert lovkapittel II Alminnelige føresegner om bærekraftig bruk, lovkapittel V Områdevern og verneforskrifter for dei einskilde verneområda.

3. GEOGRAFISK VERKEOMRÅDE

Verneområdestyret skal ha forvaltningsansvaret for følgjande verneområde:

- Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde med dyrelivsfreding i kommunane Hjartdal, Seljord, Tinn og Vinje

4. VERNEOMRÅDESTYRET SINE MEDLEMMER, OPPNEMNING, SAMANSETJING MV

Samansetjinga av styret skal følgje krava til kjønnsfordeling i likestillingslova § 21.

Verneområdestyret skal ha 5 medlemmer med personlege vararepresentantar som møter når den faste medlemmen har forfall. Verneområdestyret vert oppnemnd av Miljøverndepartementet etter innstilling frå kommunane og fylkestinget i Telemark.

Kvar kommune skal vere representert med ein medlem og innstiller ei kvinne og ein mann blant kommunestyret sine medlemmer. Fylkeskommunen skal vere representert med ein medlem frå fylkestinget, og innstiller ei kvinne og ein mann blant fylkestinget sine medlemmer.

Oppnemningsperioden for medlemmene følgjer valperioden for kommunestyret og fylkestinget.

Verneområdestyret vel sjølv sin leiar og nestleiar.

5. OPPRETTING AV ARBEIDSUTVAL

Styret kan nedsetje eit arbeidsutval samansett av personar frå styret.

Styret kan gje arbeidsutvalet mynde til å treffe vedtak etter naturmangfaldlova/verneforskriftene i einskildsaker som ikkje har stor påverknad på verneverdiane. Arbeidsutvalet sine vedtak skal treffast innanfor ramma av prinsipp fastsett av styret for dei ulike saksområda i tråd med naturmangfaldlova/verneforskriftene.

6. VERNEOMRÅDESTYRET SITT SEKRETARIAT

Sekretariatet for verneområdestyret består av ein verneområdeforvaltar som vert tilsett av fylkesmannen i Telemark i dialog med styret. Fylkesmannen i Telemark har personalansvaret for verneområdeforvaltaren. Sekretariatet kan fremme innstillingar overfor styret om saker som gjeld forvaltning av verneområdet. Sekretariatet er underlagt verneområdestyret i alle saker som gjelder forvaltninga av verneområda.

Inntil det er tilsett verneområdeforvaltar skal fylkesmannen i Telemark ha sekretariatsansvaret for verneområdestyret og er i utøvinga av denne sekretariatsfunksjonen underlagt verneområdestyret i alle saker som gjelder forvaltning av verneområda.

Miljøverndepartementet vil utarbeide eigen instruks for prosessen knytt til tilsetting av verneområdeforvaltar.

7. OM MØTENE I VERNEOMRÅDESTYRET

Kommunelova kap 6 om saksbehandlinga i folkevalte organ kjem til bruk så langt dei passer, med dei tilpassingane som er fastsette i denne vedtekta. Kommunelova § 40 gjelder tilsvarande.

Styret trer saman minst to gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer. Leiaren plikter å kalle inn dersom minst ein tredel av medlemmene ønskjer det.

Innkalling til møte i verneområdestyret skal skje med 2 vekers varsel. Innkallinga skal innehalde oversikt over dei sakene som skal handterast. Saksdokumenta vert sendt samstundes med innkallinga.

Det vert ført protokoll frå møta. Styreleiar og to medlemmer som vert velt ved starten av møtet skriv under protokollen. Representantar og leiar av sekretariatet har rett til protokolltilførsel.

For at forvaltningsstyret skal kunne fatta vedtak må minimum halvparten av representantane vere til stade. Vedtak vert fatta ved alminneleg fleirtal. Ved stemmelikskap har leiaren dobbeltstemme.

8. STYRET SINE OPPGÅVER

8.1 Forvaltningsplan

Styret skal utarbeide/revidere forvaltningsplan for verneområdet/verneområda. Oppstart av planarbeidet bør skje i dialog med Direktoratet for naturforvaltning. Forvaltningsplanar skal utarbeidast innanfor rammene av naturmangfaldlova og verneforskriftene. I planen skal ein konkretisere korleis ein skal jobbe for å nå føremålet med vernet. Direktoratet for naturforvaltning godkjenner forvaltningsplanane.

8.2 Skjøtsel og tilrettelegging

Som forvaltningsstyresmakt skal styret ut frå naturmangfaldlova § 33 og verneføremålet i dei einskilde verneforskriftene vurdere behov for og gjennomføring av naudsynt skjøtsel og tilrettelegging. Plan for skjøtsel og eventuell tilrettelegging skal, jf §§ 35 og 36 siste ledd, inngå i ein forvaltningsplan godkjent av Direktoratet for naturforvaltning. Forvaltningstiltak vert sett i verk på eit kunnskapsbasert grunnlag i samsvar med vedtekne forvaltningsplanar/skjøtelsplanar. Styret skal etablere eit nært samarbeid med Statens naturoppsyn lokalt.

Verneområdestyret skal utarbeide årlege prioriteringar av skjøtels- og forvaltningstiltak i verneområda.

Det skal være ein bestillingsdialog mellom styret og Direktoratet for naturforvaltning /Statens naturoppsyn sentralt, og styret vert årleg tildelt midlar til skjøtsel og forvaltning til prioriterte tiltak i samsvar med vedtekne forvaltningsplanar/skjøtelsplanar. Tildelingane skjer over budsjettet til Direktoratet for naturforvaltning/Statens naturoppsyn ut i frå dei budsjettmessige rammene det einskilde året.

8.3 Styresmaktsavgjerder

Styret har mynde til å treffe vedtak etter dei einskilde føresegnene i verneforskriftene som heimlar for å gje løyver. Styret har også mynde til å gje dispensasjonar etter naturmangfaldlova § 48, jf. § 77 anna punktum.

8.4 Merking og informasjon

Styret har ansvar for at det vert gjennomført naudsynt grensemerking og vedlikehald av merkinga i verneområda. Førstegangsmerking av eit nytt verneområde vert utført av Jordskifteverket på oppdrag av fylkesmannen.

Som forvaltningsstyresmakt skal styret vurdere behovet for særskilte informasjonstiltak. Styret er hovudansvarleg for informasjonstavler og plakatar, både førstegangsoppsett og vedlikehald. Dei er hovudansvarleg for alle brosjyrar. Brosjyrar og anna informasjonsmateriale skal utarbeidast i tråd med gjeldande malar. Styret har og ansvar for kontakt med grunneigarar, rettshavarar, brukarar, aktuelle lag og organisasjonar mv i forvaltninga av verneområdet.

8.5 Brot på naturmangfaldlova/verneforskriftene

Styret har som forvaltningsmynde eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på reglane i verneforskriftene som styret får kjennskap til, anten vert rapportert/meldt til politiet eller vert rapport til Direktoratet for naturforvaltning for eventuelle administrative sanksjonar, jf naturmangfaldlova kap. VIII.

8.6 Orientering om vedtak

Fylkesmannen i Telemark og Direktoratet for naturforvaltning skal verta orientert om alle vedtak gjort av verneområdestyret eller arbeidsutvalet. Rapportar og meldingar for brot på naturmangfaldlova/verneforskriftene vert sendt til fylkesmannen, Statens naturoppsyn og Direktoratet for naturforvaltning.

8.7 Rapportering om forvaltning

Styret har ansvar for årleg å rapportere om forvaltninga til fylkesmannen etter malar fastsett av Direktoratet for naturforvaltning.

Dersom føresetnadene for delegering av forvaltningsmynde vert endra vesentleg, plikter styret å informere fylkesmannen.

9. FAGLEG RÅDGJEVANDE UTVAL

Styret skal oppnemne eit fagleg rådgjevande utval. Utvalet skal vere samansett av representantar for dei ymse interessene i området, som bl. a. grunneigarar, andre offentlege organ som for eksempel fjellstyre, næringsliv, friviljuge organisasjonar, mellom anna natur- og miljøorganisasjonar og liknande.

Verneområdestyret bør ha minst eit årleg dialogmøte med fagleg rådgjevande utval.

10. ADMINISTRATIVT KONTAKTUTVAL

For å sikre at forvaltninga av verneområda vert godt integrert i den kommunale forvaltninga, bør styret oppnemne eit administrativt kontaktutval samansett av representantar frå administrativt nivå i dei ymse kommunane.

11. TILSYN

Statens naturoppsyn har tilsynsmynde i områda, jf. lov om statleg naturoppsyn.

12. KLAGE OG KLAGEMYNDE

Fylkesmannen har klagerett på vedtak gjort av verneområdestyret jf naturmangfaldlova § 62 tredje ledd siste setning. Elles gjelder dei alminnelege reglane om rett til å klage.

Miljøverndepartementet er klageinstans for vedtak som vert gjort av styret som forvaltningsstyresmakt. Klager skal leggjast fram for Direktoratet for naturforvaltning som førebur klaga og gjev innstilling til vedtak.

13. INSTRUKSJON, TILBAKEKALLING AV DELEGERT MYNDE

Departementet kan gripe inn gjennom instruksjon eller eventuelt tilbakekalling av delegert mynde dersom forvaltninga av verneområda ikkje samsvarer med naturmangfaldlova og verneforskriftene.

14. OMGJØRING AV VEDTEKTENE

Departementet kan endre desse vedtektene.